



# Høyringsrapport planprogram Regional plan kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035

[Undertittel]

# Innhold

<b>1. Innleiing .....</b>	<b>3</b>
<b>2. Overordna drøfting av innspel .....</b>	<b>4</b>
2.1. Innretning av planarbeidet .....	4
2.2. Høyringsinnspel - generelle utfordringar spela inn frå høyringspartane .....	5
1. Omtale av eige felt og interesser .....	5
2. Omgrepsavklaringar .....	5
3. Særpreg i regionen .....	6
4. By og land som samverkar og styrkar kvarandre .....	7
5. Møteplassar .....	7
6. Kunnskap og kompetanse .....	7
7. Planbehov og tilhøve til andre regionale planar .....	8
8. Viktige tema på tvers .....	9
2.3. Konklusjon .....	9
<b>Vurdering av enkeltinnspel, planprogram - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv .....</b>	<b>11</b>

# 1. Innleiing

Planprogrammet for regional plan kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 var på høyring og offentleg ettersyn med frist 20. april 2021.

Det har kome 76 skriftlege innspel i høyringa. I tillegg har om lag 300 delteke på totalt 4 innspelsmøter.

5 statlege organ, 10 kommunar, 2 fylkeskommunale og 5 kommunale råd har gitt innspel.

29 frivillige organisasjonar fordelt på 9 kunst og kultur, 10 kulturarv, 1 idrett og 5 friluftslivsorganisasjonar, saman med 4 anna organisasjonar innan frivilligfeltet.

Av kulturinstitusjonar er det 7 museum, 5 kunst og kulturinstitusjonar og 2 utdanningsinstitusjonar, til saman 14 institusjonar som har svara.

Den siste gruppa er 6 organisasjonar gruppert under typen andre: dette er t.d. politiske parti, næringsorganisasjonar og den Norske kyrkje.

Generelt er det gode, varierte og velformulerte innspel der ein opplever at det er mykje støtte til val av plantema og at desse fungerer godt.

Det har kome inn ei rekke forslag til utfyllande perspektiv. Mange etterlyser større fokus på eige felt og har gode innspel til strategiar for å synleggjere felta. Det er gjennomgåande at friluftslivsfeltet etterlyser endring av fokus mot fagplanar. Det er også ein del andre aktørar som er opptatt av at idrett og friluftsliv må få eigen omtale.

Vidare er det mange innspel på satsingar, prioriteringar og tiltak som vert følgt opp i det vidare planarbeidet. Dette gjeld også mange innspel på kunnskapsgrunnlag som bør styrkast og utfyllast.

Høyringsrapporten består av to delar:

1. Overordna drøfting av innspel
2. Vurdering av enkeltinnspel

I første del av rapporten er det løfta fram punkt som det er kome innspel om endringar. Dette er sortert under overskriftene:

- Fagplanar, omtale av eige felt og interesser
- Omgrepsavklaringar, omgrepa som er brukt i planprogrammet vert oppfatta som mest relevant for kulturfeltet.
- Særpreg i regionen
- By og land som samverkar og styrkar kvarandre
- Møteplassar
- Kunnskap og kompetanse
- Planbehov, tilhøve til andre regionale planar
- Identifisere og synleggjere tema på tvers

Del 2 av rapporten er ei detaljert oversikt over alle innspel med vurdering av behov for endring i planen.

## 2. Overordna drøfting av innspel

### 2.1. Innretning av planarbeidet

Fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar er styrka i plan og bygningslova.

Planprogrammet signaliserer at vi tek sikte på å utarbeide ein regional plan der vi adresserer aktuelle samfunnsutfordringar og gjennom offensive grep gir feltet relevans for alle aktørar på ulike forvaltningsnivå og ulike felt i Vestland fylke. Det er viktig å skape eigarskap på tvers slik at alle skal føle seg heime i planen.

Dette er nybrottsarbeid i den forstand at ansvaret som regional samfunnsutviklar vert løfta og vi innrettar arbeidet til å vere ein overordna, strategisk plan for å løfte det breie feltet inn i samfunnsutviklingsrolla og vi held oss tett på prioriteringane i utviklingsplan for Vestland.

Vi snur med dette tidlegare innretning av regionale plan på hovudet sidan vi ikkje fokuserer på fagplanar, men samfunnsutfordringar på tvers som feltet skal vere med på å utvikle. Vi inviterer med dette dei ulike aktørane inn til å tenke annleis og vise korleis ein bidreg til samfunnsutviklinga.

Fylkesrådmannen si vurdering er at alle aktørane innan feltet i Vestland har mykje å bidra med til løysingar innan alle utfordringane som er peika ut i utviklingsplanen for Vestland.

Satsingane i planen vil vere bransjenøytrale og gjelde for alle fagfelte. Satsingane skal samordne, styrke og utvikle feltet inn i framtida.

Det er difor viktig at ein i vidare arbeid med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv legg til rette for å identifisere tiltak og satsingar som kan vere med og utvikle og oppfylle overordna retning og styringssignala som er vedteke. Gjennom handlingsprogram vert satsingane operasjonalisert.

### 2.2. Høyringsinnspel - generelle utfordringar spela inn frå høyringspartane

#### 1. Omtale av eige felt og interesser

Det er eit generelt innspel frå ulike felt at dei saknar meir spesifikk omtale av eige fagfelt og eigne interesser. Sunnfjord kommune seier t.d. «Plantema ligg på eit overordna nivå, og er relevante som grunnlag for utarbeiding av planen. Det vil vere viktig med tydeleggjering av innhald og deltema innanfor kvart plantema.»

Det er fleire innspel med framlegg til nye plantema, likevel er fleste innspela utfyllande innspel til eksisterande plantema. Framlegg til nye plantema er m.a.; «Kulturell identitet», «Det er eit ynskje at idrett og friluftsliv får eige plantema» og «Sikre berekraftige vilkår for friluftslivet».

#### Fylkesrådmannen si vurdering

Tilbakemeldingane om at mange saknar fokus på sitt felt og ikkje finn att sin posisjon og sine utfordringar i planprogrammet kan kome av at ein tenkjer at dette er ein tradisjonell fagplan.

For å løfte feltet til å vere ein reell aktør innan samfunnsutvikling og å innrette satsingane til å vere overordna og strategiske vil dei fire plantema etter fylkesrådmannen si vurdering stå seg vidare i arbeidet. Plantema er:

- Vestland - ein leiande kulturregion
- Berekraft
- Demokrati, deltaking og mangfald
- Verdiskaping

Fylkesrådmannen si vurdering er at alle aktørane innan kulturfeltet i Vestland har mykje å bidra med til løysingar innan alle utfordringane som er peika ut for Vestland.

Fylkesrådmannen vurderer også at ein i det vidare planarbeidet vil ta inn over seg dei ulike felte sine moglegheiter, utfordringar og behov.

## 2. Omgrepsavklaringar

Det har kome enkelte innspel om at omgrepa som er brukt i planprogrammet vert oppfatta som mest relevant for kulturfeltet. Det er igjen særleg dei som gir innspel om idrett og friluftslivsfeltet som peikar på dette. T.d. Høgskulen på Vestlandet v/institutt for idrett, kosthald og naturfag «det er et heller snevert kulturomgrep som omhandles i planprogrammet. Selv om kystfylket, anlegg og arenaer for idrett og friluftsliv og nasjonal kulturarv er nevnt seinere i dette kapitlet, viser vektingen her at spesielt det mangfoldige og rike friluftslivet ikke har fått den plassen det fortjener i planprogrammet». Friluftsrådet Vest utfordrar «Vi ville likt å se på hvilket grunnlag man vil hevde at friluftslivets utfordringer best ivaretas ved å legge temaet inn under kulturplanen. I Rogaland er friluftsliv slått sammen med naturforvaltning, noe som etter vår oppfatning er mer naturlig enn å legge friluftsliv inn i kulturplanen.»

Berekraftsomgrepet vert også drøfta og utfordra t.d. frå Førdefestivalen: «Eg kunne tenkje meg ei spesifisering av kva ein legg i omgrepet berekraft i plantema "eit berekraftig kulturliv".

Berekraftomgrepet vert nytta i så mange ulike samanhengar no at ei spesifisering på om det går på t.d. klima-, miljøhensyn, grønt skilje o.l. kunne vere fint.»

### Fylkesrådmannen si vurdering

Planen skal dekke ei rekke autonome og likeverdige felt innan det breie kulturfeltet. I planprogrammet har vi forsøkt å nærme oss eit felles omgrep for alle desse felte. Det dreier seg om så vidt forskjellige felt som kunst og kultur, idrett og friluftsliv, kulturminne og kulturarv, den kulturelle grunnmuren i kommunane der både møteplassar, bibliotek og kulturhus er viktige, anlegg for fysisk aktivitet og for kunst og kultur, arkiv og kulturhistorie, kunnskap, om og tilhøyrse til ein stad, formidling av kunst og kultur, frivillig arbeid og engasjement og kulturell og kreativ næring.

Det er difor utfordrande å omhandle og omtale feltet under eitt, noko tilbakemeldingane frå høyringspartane viser. Målsettinga er at vi i løpet av planarbeidet likevel finn fellesnemnarar som heile feltet kan einast om. Dette føreset også ei viss nytenking frå aktørane der ein er velvillig til å sjå feltet under eitt. Planprogrammet er justert noko språkleg til meir nøytrale omgrep for å auke gjenkjenning og bidra til meir eigarskap. Dette vil ha høg fokus både i planarbeidet og i operasjonalisering av planarbeidet gjennom handlingsprogram.

Berekraft er sentralt i all samfunnsutvikling globalt. Dette vil vere eit sentralt tema i vidare planarbeid.

### 3. Særpreg i regionen

Høyringa har utløyst ei rekke innspel med utfyllande perspektiv som viser til viktige kvalitetar og særpreg i regionen i dag. Her finn vi sterke miljø, institusjonar og satsingar som kan vere (er) regionale, nasjonale og internasjonale fyrtårn innan sitt felt.

Innspela gjeld m.a.

- verdsarvsområda i Vestland
- Det sterke folkemusikk og folkedansfeltet som er sentralt på nasjonalt nivå.
- Nynorsk språk der Vestland er kjerneområde
- Naturkvalitetane og moglegheit for friluftsliv
- Frivilligheita står sterkt i regionen

#### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Regional plan skal samordne og prioritere felles satsingar. Dette inneber å løfte fram og prioritere felt vi er sterke på og unike både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Dette er ein del av det å vere leiande kulturregion. I planarbeidet vert særpreg for regionen identifisert og løfta fram. Samtidig er dette og ei utfordring for alle aktørar å ta ansvar og bidra til større fokus og utvikling av regionale fyrtårn.

### 4. By og land som samverkar og styrkar kvarandre

Fleire innspel viser til at det er lagt vekt på Bergen si viktige rolle, men at vi også har ei rekkje kulturaktørar utanom Bergen hevdar seg i ein nasjonal samanheng, og nokre også internasjonalt. Det Vestnorske teater vil framheve viktige av at dynamikken mellom storby og region vert ivareteken i planarbeidet. Her må ein leggje opp til samhandling meir enn konkurranse og samspelet mellom by og land.

#### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Samspelet mellom by og land der vi har ulik styrke ein den største kvaliteten i Vestland. Variasjon gir utviklingsmoglegheiter for heile Vestland om vi samarbeider på tvers. Potensiale for samhandling, læring og kompetansebygging på tvers vert sentrale tema i vidare planarbeid.

### 5. Møteplassar

Nynorsk kultursentrum spelar inn at plantema «deltaking, medborgarskap og mangfald er ein føresetnad og ein berebjelke i innanfor kulturfeltet. For å lykkast i dette må Vestland ha eit levande, rikt og variert kulturliv i heile fylket. Lokale kulturtilbod nært der folk bur og lever gir deltaking og engasjement. Dette gjeld særleg overfor barn- og unge, men tilbod og møteplassar for alle aldersgrupper på tvers av generasjonar, kultur og bakgrunn bidreg til demokrati og mangfald.»

Dette vert støtta opp av ei rekke organisasjonar om peiker på møteplassar, både fysisk, nettverk og struktur (arena, anlegg, kompetanse, lokalsamfunnsutvikling) som eit viktig tema for «eit berekraftig kulturliv». Både kommunar, fagorganisasjonar, institusjonar og frivillig sektor er opptatt av godt innarbeidde lågterskeltilbod og gode møteplassar for folk på tvers av alder, etnisitet, språk, kultur og religion.

## Fylkesrådmannen si vurdering

Møteplassar vert eit viktig tema på tvers av felt og forvaltningsnivå. Sivilsamfunnet si rolle og samhandling med offentleg sektor vert eit viktig fokus for planarbeidet.

## 6. Kunnskap og kompetanse

Temaet kunnskapsgrunnlag er viktig for mange på tvers av organisasjon, fagfelt og forvaltningsnivå. Det har kome inn eit overveldande tal innspel som utfyller planprogrammet si korte oversikt over kunnskapsgrunnlag. Ei felles oppsummering er at ein meiner det er behov for gjennomgang av eksisterande kunnskapsgrunnlag og avdekking av behov for kvar det eventuelt er naudsynt med ny kunnskap.

Konkrete innspel der ein meiner ein må auke kunnskapen er:

- Språkleg situasjon
- Undersøking av det profesjonelle kunst og kulturfeltet
- Konsekvensar for areal- og naturforvaltning, der utvikling av kunnskapsgrunnlag for friluftsliv som fundament for god forvaltning bør gis vekt
- Digital kompetanse
- kulturarv og ansvarsfordeling med utgangspunkt i nye problemstillingar som følge av regionreforma.
- må utarbeidast eit eige kunnskapsgrunnlag om musea.
- Det må hentast inn meir informasjon og tal som visar at Bergen forsyner Oslo med ressursar av fagleg art, og at desse ressursane trengs her vest om planens målsettingar skal verte nådd.
- Det er i tillegg spela inn ei rekke utfyllande eksisterande rapportar og meldingar som kan opplyse feltet. T.d. gjeld dette:
  - o St. Melding 15 - Leve heile livet og reforma - eit aldersvenleg samfunn
  - o Saman om aktive liv. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029

## Fylkesrådmannen si vurdering

Det er utarbeidd oversikt over eit stort kunnskapstilfang innan feltet allereie. Dette vert fortløpande oppdatert med eksisterande utgreiingar og rapportar. Dette vert publisert på heimesida til Vestland fylkeskommune. Arbeidet vidare med kunnskapsauke og kunnskapsdeling vert ein prioritert del av planarbeidet m.a. gjennom ei eiga arbeidsgruppe for kunnskap samt å initiere nettverk med faglege tema, bruk av eksisterande nettverk og konferansar som t.d. den årlege kulturkonferansen. Kulturkonferansen 2020 hadde tema som spelte opp mot planarbeidet «Korleis kan kunst og kultur bidra i samfunnsutviklinga og styrkje fellesskapa i Vestland?»

## 7. Planbehov og tilhøve til andre regionale planar

Det har ikkje kome innspel på behovet for nye regionale planar, men det er spela inn ei rekke innspel til utvida perspektiv på eksisterande plantema og nokre nye plantema. Det vert likevel vist til eit behov for å gå lengre ned i dei ulike tema, som m.a. Sunnfjord kommune skriv: «plantema ligg på eit overordna nivå, og er relevante som grunnlag for utarbeiding av planen. Det vil vere viktig med tydeleggjering av innhald og deltema innanfor kvart plantema, med konkrete mål og tiltak for kvar del, slik at den vert eit reelt verktøy for vidare arbeid innan sektoren.»

Det har også kome innspel på at det ikkje er naturleg at idrett og friluftslivsfeltet samlast med andre felt i denne planen.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Vidare arbeid vil avklare behov for ev. nye regionale planar, temaplanar eller strategiar. Dette må synleggjerast gjennom dei tre prosessane vi har i planarbeidet. I planprogrammet vert det vist til kva regionale planar vi har og som er planlagt i dag. Regional plan vil vise kva behov vi ev. har for nye regionale planar, temaplanar og strategiar framover. Handlingsprogrammet vil vise prioriteringar i planarbeidet dei neste åra.

Ein må også vurdere grensegangar mot den planlagde regionale planen for areal, natur og kulturminneressursar som er planlagt i neste planperiode.

Fylkesrådmannen vil også gå vidare i det interne arbeidet med å koordinere tema i dei ulike regionale planane som er under utarbeiding. Dette for å sikre at planane går i same retning og dekker relevante felt.

## **8. Viktige tema på tvers**

Høyringsinnspel viser at det også er behov for å synleggjere område på tvers av plantema og på tvers av andre regionale planar. Dette gjeld :

- Barn og unges oppvekstvilkår
- Universell tilrettelegging, alders- og funksjonsvennlege samfunn
- Folkehelse
- Integrering og inkludering
- Digitalisering
- Internasjonalisering
- Klima og miljø
- FOU, kompetanse og nettverksarbeid

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Desse tema vert tatt med vidare i planarbeidet og skal vurderast i alt arbeid med plantema og i arbeidsgrupper. Desse er aktuelle å handsame også i andre overlappende planar, og å innhente kompetanse frå andre delar av det offentlege.

## **2.3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå er det har kome inn høyringsinnspel som viser behov for så store endringar av planprogrammet at det vil utløyse ny høyring.





## Vurdering av enkeltinnspel, planprogram – regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
<b>92, 97</b>	<b>Alver kommune</b>		
	Etablerer møteplass for kommunar som er i gang med planarbeid innan kultur- og idrett	T.O.	Samarbeid Innspel er tatt med vidare i planarbeidet
	Dei 4 plantema er relevant	T.O.	Alle plantema
	Tar imot medverknad frå lokale råda og kultur- og idrettsråda direkte	T.O.	Medverknad. Innspel er tatt med vidare i planarbeidet
	Omegnskommunar til Bergen - utfordringar, samarbeidsflate med kvarandre og med Bergen	T.O.	By/land. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Fokus på regional og lokal anleggsutvikling og kulturarena og møteplassutvikling	T.O.	Anlegg og arena utvikling Vurdere temaplan i handlingsprogram
	Opptatt av digitale arena for barn og unge	T.O.	Digital arena. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Opptatt av fysisk aktivitet, frivillig deltaking, ungdomskultur, seniorkultur, kulturarv, kunst og profesjonell kultur, tilrettelegging, inkludering og integrering.	T.O.	Utvida kulturomgrep
	Kultur og idrettsindeks synleggjera behov for auka fysisk aktivitet, satsing på den kulturell skolesekken, kulturskule, bibliotek og museum	T.O.	Kunnskapsgrunnlag viser til kultur- og idrettsindeks og er tatt med vidare i planarbeidet
	Dei lovpålagde kommunale kulturoppgåvene bør få ein tydeleg plass i kommande planprosess	T.F.	Lovpålagt oppgåve. Samfunnsutviklar rolle/ Kompetanseheving i kommunane
<b>63</b>	<b>Amatørkulturrådet i Bergen</b>		
	«Det gode arbeidet som gjeres med å opprette amatørkulturråd, må vidareføres i den nye regionale plan for kultur, idrett og friluftsliv.»	T.O.	Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	«Planen for planarbeidet må legge opp til at det frivillige- og amatørbaserte kulturlivet vies oppmerksomhet gjennom en egen arbeidsgruppe. Her ønsker Amatørkulturrådet å bidra.»	I.T.F.	Medverknad ok. Ikkje eiga arbeidsgruppe for einsarta gruppe
<b>76</b>	<b>Arkivverket</b>		

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Forslaget om at fylkeskommunane får lovpålagt ansvar for a) koordinering av arbeidet med privatarkiv med «regional betydning» og b) for bevaring av slike arkiv som ligg i NOU 19:2019 Frå kalveskinn til datasjø.	T.O.	Tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget
	Kulturdepartementet har gjeve midlar til Arkivverket for å utvikle nye løysingar for langtidsbevaring og tilgjengeleggjing av digitale arkiv og tilgjengeleggjing av digitalt skapte arkiver, og fått i oppdrag å tilby dette som fellesløysingane for arkivsektoren, dvs. arkiv, museum og bibliotek som bevarer arkiv.	T.O.	Tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget
<b>37</b>	<b>Bergen Kirkelige fellesråd</b>		
	Støtter de fire fokusområde til tema.	T.O.	
	Knytte FNs 17 bærekraftsmål til planen. Korleis kan kulturlivet bidra til å nå måla? Kordan kan fylkets plan bidra til dette?	T.O.	Plantema - berekraftig kulturliv Berekraftsmåla er sentral for planarbeidet.
	Kyrke er viktige møteplassar og kulturprodusentar.	T.O.	Møteplassar. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Med nye lover og forskrifter, nye oppgåver for fylkeskommunen og ny strategi for kyrken er det naturleg å ta med dette i arbeidet med kulturplanen, og at kyrken og fylkeskommunen samarbeider om dette.	T.O.	Nye lover. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Religionsdialog i fredstid er viktig for å auke forståing og toleranse i samfunnet samt å motvirke ekstremisme og radikaliserings. Å bygge en samfunnskultur der mangfald og deltaking følast trygt, naturleg og open for alle er viktig for kyrken. Det livssynsopne samfunnet kan stimulerast gjennom kulturarbeidet.	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald Tema er tatt med vidare i planarbeidet
<b>96</b>	<b>Bergen kommune, Byrådsavdeling for klima, miljø og byutvikling</b>		
	Ser positivt på at Vestland fylkeskommune har starte arbeidet med en regional plan for fylket, og stiller seg i hovudsak bak de 4 tema	T.O.	Alle plantema
	Positivt at forslag viser korleis kultur, forstått som det utvide kulturomgrepet, skal styrkes og være samfunnsbyggande, inkluderande og identitetsskapande.	T.O.	Utvida kulturomgrep
	Et viktig bidrag til klima- og miljøutfordringar med fokuset på berekraft og gjenbruk.	T.O.	Plantema - berekraftig kulturliv Berekraftsmåla er sentral for planarbeidet
	Positivt at den dekke et stort fagfelt, med fokus på blant annet friluftsliv, kulturminne og kulturarv og den kulturelle grunnmuren i kommunane.	T.O.	Utvida kulturomgrep

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Positivt med koplinga mellom planprogram og kulturminneplanen i Bergen - <i>Identitet med særpreg</i> som har fem hovudpunkta: Identitet, berekraft, kunnskap, verdsarv, sikre kulturarv.	T.O.	
	Bergen kommune bruker den digitale kartløyninga, kulturmiljøkartet, som er del av kulturmiljøplanen i Bergen. Data frå Askeladden, den nasjonale kulturminneregister er importert i løysinga. Informasjon er tilgjengelege for alle, en kunnskapsbase for interesserte.	T.O.	Tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget
	Stadig behov for endring og utvikling av kulturmiljøkart. Dette kan være en god arena for samhandling med den regionale kulturmiljøforvaltningen.	T.O.	Samhandling med kommunen om kunnskapsgrunnlaget
	Sakna større søkelys på friluftsliv som tema	T.O.	Justert tekst i planprogram. Blir også tema i regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar
	Planen bør i større grad omfatte friluftslivets framtidige plass i en regional samanheng	T.O.	Tatt vidare i regional plan. Blir også tema i regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar
	Konsekvensar for areal- og naturforvaltning, der utvikling av kunnskapsgrunnlag for friluftsliv som fundament for god forvaltning bør gis vekt.	T.O.	Kunnskapsgrunnlag. Blir også tema i regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar
	Trenger å utvikle forvaltningskunnskap innanfor differensiert tilrettelegging i friluftslivet.	T.O.	Tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget.
	Etablerer eit kunnskapsbase på friluftsliv langs en urban akse, frå det «urbane friluftslivet» til et meir ruralt friluftsliv, som grunnlag for seinare satsingar og identifikasjon av tiltaksområder	T.O.	Kunnskapsgrunnlag by/land. Tema vurdert vidare i planarbeidet.
	Det vil i det vidare arbeidet også være naturleg å differensiere mellom tilretteleggingstiltak i bynære områder og i distriktene.	T.O.	Kunnskapsgrunnlag by/land. Tema er tatt med vidare i planarbeidet.
	Søkelys på terrengslitasje som en følge at friluftsliv, og etterspør et større kunnskapsgrunnlag for konsekvensane av ulike aktivitetar knyttet til friluftsliv.	T.O.	Tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget og planarbeid
	Auka bruk av friluftslivsområda i samanheng med pandemisituasjonen krevjar at man tar stilling til auka terrengslitasje og erosjon, forsøpling og auka press på forvaltning og drift av naturområde.	T.O.	Utfordring - friluftsområde Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Endre bruk av friluftsområde frå turgåing til meir langvarige og intensive aktivitetar som camping, terrengløp og terrengsykling gir også utfordringar i naturforvaltninga med stadig krevjande mål konfliktar.	T.O.	Utfordring - friluftsområde Tema er tatt med vidare i planarbeidet.
	Samhandling på kommunalt, regionalt og statleg plan i desse spørsmåla rundt friluftsliv vil får positiv innverknad for samfunnsutviklinga.	T.F.	Samhandling. Tema er tatt med vidare i planarbeidet.

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Trenger meir kunnskap om tilrettelegging og inkludering av ulike grupper i samfunnet	T.O.	Tema tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget og planarbeid.
	Fylkeskommunen gjennom planarbeidet kan bidra til hjelpe kommunane med å skaffe meir konkret og forskingsbasert kunnskap om universell utforming	T.O.	Tema tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget og planarbeid.
	Fysiske tiltak for å gjer eksisterande anlegg tilgjengelege og meir dekkande for fleire	T.O.	Anlegg, universell utforming. Tema tatt med vidare i planarbeidet
	Positivt til fokuset på et berekraftig kulturliv i den regionale planen	T.O.	Plantema- eit berekraftig kulturliv.
	Klimaendringenes effekt på kulturmiljøet er aktualisert de siste årene, og forvaltning av kulturarven må sees i samheng med- og være en integrert del av klima- og miljøforvaltningen	T.O.	Plantema- eit berekraftig kulturliv. Tema er tatt med vidare i planarbeidet.
	Støtte å redusere klimaavtrykket i sektoren ved å ta vare på eksisterande bygningsressursar i større grad gjennom bruk, gjenbruk og transformasjon.	T.O.	Plantema- eit berekraftig kulturliv. Tema er tatt med vidare i planarbeidet og handlingsprogram
<b>55</b>	<b>Bergen kommune , Kultur, idrett og inkludering</b>		
	Bergen har en del planer som forankre kulturpolitikken i kommunen - kulturstrategi, kulturarenaplan, amatørkulturplan, kunstplan, museumsplan, kunstformidlingsplan for barn og unge, plan for deltaking og mangfald	T.O.	Tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget
	Bergens rolle nasjonalt og internasjonalt heng saman med regionen dei er en del av. Eit tettare samarbeid med Vestland om korleis vi saman kan bidra til utvikling og vekst på kulturområdet.	T.O.	Plantema - Vestland som leiande region
	Samhandling, nye nettverk, auke kunnskap, forskning, kunnskapsproduksjon og formidling er fellesnemnaren og viktig	T.O.	Samhandling. Tema er tatt med vidare i planarbeidet og handlingsprogram
	Mellomalder er sentral for Bergen (også for Vestland)	T.O.	Plantema - Vestland som leiande region. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Havnbyen er sentral for Bergen med sjøfartsmuseet og Fiskerimuseet. og kunnskapsinstitusjonar som Akvariet og Statsraad Lehmkuhl	T.O.	Plantema - Vestland som leiande region Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Auke samhandling, fleire synergieffektar, meir kunnskap om kvarandre og kvarandre si styrker og svakheiter, vil kunne auke regionens rolle i et nasjonalt og internasjonalt perspektiv	T.O.	Plantema - Vestland som leiande region By/land Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Satse på grønne arrangement/festivalar.	T.O.	Plantema- eit berekraftig kulturliv. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	I tilskotsordningar har Bergen kommune krav om at tilskot ikkje skal føre til høye klimautslepp eller skade på miljø, De vektlegge korleis	T.O.	Plantema- eit berekraftig kulturliv

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	tilskotsmottakar ivareta klima og miljøomsyn. Fylke og andre kommunar bør gjera liknande.		Tema er tatt med vidare i planarbeidet og handlingsprogrammet
	Økonomisk berekraft - styrke kunstnar økonomi, auke sysselsetting, auke produksjonsvolum, talentutvikling, kontinuitet, kompetanseheving, fagleg utvikling, sterkare meir synleg bransje	T.O.	Plantema - kulturelle verdiskaping eller berekraftig kulturliv? Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Styrke sosial berekraft - Identitet og tilhøyra ,profesjonelle og amatør kulturlivet, frivilligheita og kulturtilbod	T.O.	Plantema - Deltaking medborgarskap og mangfald eller berekraftig kulturliv. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Bergen kommune vedtok <i>plan for Deltaking og mangfald i kunst og kulturlivet</i> . Alle byens innbyggjar skal ha tilgang til å utøve og oppleve kunst og kultur av høy kvalitet, aktualitet og relevans.	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Bergen stiller krav til tilskotsmottager over egen linje i budsjettet om at de skal ha konkrete planer og mål for økt likestilling og mangfald i egen organisasjon og styresamansetjing	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald Tema vurdert i planarbeidet og handlingsprogrammet.
	Bergen vil stimulere til mangfaldig representasjon i amatørkulturlivets styrer, råd og utval.	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald Tema vurdert i planarbeidet og handlingsprogrammet.
	Ei brei tilnærming til verdiskaping handlar om å sjå samanhengar mellom kulturell, økonomisk, miljømessig, og sosial verdiskaping, og å nytte dette samspelet til å skape en større meirverdi.	T.O.	Plantema - Kulturell verdiskaping. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Noko kunst- og kulturfelt er meir relevante som satsingsområde for kulturnæringar eksempelvis musikkbransjen og filmbransje. I globalt perspektiv er desse store industrier.	T.O.	Plantema - Kulturell verdiskaping eller Vestland som leiande kulturregion. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Filmfeltet er et eksempel på et stort satsingsområde for Bergen, der man har et samansett verkemiddelapparat i form av Vestnorsk Filmsenter og Mediefondet Zefyr, som skal støtte opp om og utvikle vilkår for profesjonell filmproduksjon i vår region.	T.O.	Plantema - Kulturell verdiskaping eller Vestland som leiande kulturregion. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Alle kunstnar og aktørar innanfor alle felt, smalt eller bredt, nisjepreget eller med kommersielt nedslagsfelt, er avhengig av at det finnes visse vilkår for økonomi som mogleggjer å ha kunsten og kulturen som levebrød.	T.O.	Økonomi. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Vestland bør forpliktar seg til å vere en sterkare økonomisk bidragsytar til drift av institusjonar og organisasjonar som har en regional funksjon	T.O.	Økonomi. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Vestland bør bidra til å sette fokus på kunstnarøkonomi gjennom produksjons- og stipendmidlar	T.O.	Økonomi. Tema er tatt med vidare i planarbeidet

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Vestland bør ta ein tydeleg posisjon som en pådrivar for kulturfeltet i hele regionen, inkludert Bergen, overfor statlege organ.	T.O.	Samordning. Plantema - Vestland som leiande kulturregion. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
<b>90</b>	<b>Bergen kommune, eldrerådet</b>		
	Det er krevjande å laga ein plan for tre slike omfattande område, som på mange punkt skil seg frå kvarandre. Unødvendig generelt. Rådet meiner den ideelle løysinga ville vera å laga tre planar.	I.T.F.	Plantema. Hensikten med planen er strategisk, overordna retning for feltet, ingen fagplan.
	Namn på plan - Gjerne kortare - Klart språk	T.O.	Klart språk
	Vestland som region - utfordring for eldre og stor avstand, dårleg skysstilbod, langt til lege og andre service forhold	T.O.	Utfordringar for eldre. Tema vurdert vidare i planarbeidet.
	Universell utforming og digitale utfordringar er for lite synleg	T.O.	Utfordringar - Universell tilrettelegging, digitale løysingar. Tema tatt vidare i planarbeidet
	Rådet viser til undersøking som si at 500 000 i Noreg er utan digital kompetanse	T.O.	Vurdert vidare i kunnskapsgrunnlaget og planarbeidet
	Nynorsk språk og kultur er fundament for Vestland og må sterkare fram i planen	T.F.	Plantema - Vestland som leiande kulturregion. Språk - nynorsk. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
<b>78, 83</b>	<b>Bymuseet i Bergen</b>		
	Positive til at fylkeskommunen sitt planarbeid er satt i gong.	T.O.	
	Utfordring å holde planen aktuell og relevant i den lange planperioden på	T.O.	Lang tidshorisont
	Trenger retningar om organisering av musea sin portefølje og korleis løyse utfordringa med avhending av bygg og samlingar.	T.O.	Musea. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Viktig med god dialog mellom Bergen kommune og fylkeskommune når det gjeld viktige museumssaker og prioriteringar i kommande planperiode.	T.O.	Samhandling. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Dei 4 overordna plantema er gode.	T.O.	Plantema
	Kystpilegrimsleia er viktige satsingsområde innan både kultur, idrett og friluftsliv, og bør omtales særskilt i planprogrammet.	T.O.	Plantema - Vestland som leiande kulturregion. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Museums rolle som samfunnsaktørar og viktige institusjonar må kjem fram	T.O.	
	Viser til Meld. St. 23 (2020-2021) Musea i Samfunnet. Tillit, ting og tid som er under handsaming	T.O.	Dokumentet er tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget
	Trengs eit økonomisk løft på investering og drift på institusjonane til å vera leiande.	T.O.	Økonomi. Tema er tatt med vidare i planarbeidet.

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Heile kulturfeltets moglegheit til å bidra til en berekraftig utvikling og til å oppnå FN's berekraftsmål bør få en sentral plass.	T.O.	Plantema - berekraftig kulturliv Berekraftsmåla er sentral for planarbeidet.
	Musea sin organisering i høve til eigarskap og til samlingar og bygg i framtida, må drøftast.	T.O.	Musea. Tema er tatt med vidare i planarbeidet
	Sluttar seg til Norge Museumsforbund si uttale og støtter det.	T.O.	
<b>59</b>	<b>Bergen og Hordaland turlag</b>		
	Det er uheldig at planprogrammet har ein overvektig omtale av det vi kalle det klassiske kulturfeltet og har mindre fokus på idrett og friluftsliv.	T.F.	Justering av tekst i planprogrammet
	Det breie kulturomgrepet, der også idrett og kultur inngår er det vanskeleg å kjenne seg igjen som friluftsliv- og frivilligorganisasjon.	T.O.	Tar med innspel i vidare planarbeidet
	Vi etterspør eit meir konkret planprogram med spesifikt skilje mellom idrett, kultur og friluftsliv. Alle aktørar innan felte må kjenner seg igjen i tematikken i planen.	I.T.F.	Hensikten med planen er strategisk, overordna retning for feltet, ingen fagplan. Innspelet blir tatt med vidare i arbeid med plan og handlingsprogram.
	Dei ulike fagfelte/tema bør handsamast likeverdig i kapittel 6.	T.O.	Innspelet blir tatt med vidare i arbeid med plan og handlingsprogram.
	I høve kulturminne og kulturmiljø ser vi behov for å påpeike at mange friluftslivsorganisasjonar er ein viktig formidlar og tilretteleggjar av nettopp desse.	T.O.	Frivillig og formidling. Innspel er tatt med vidare i planarbeidet.
	Føreslår at FN sitt berekraftsmål nr 15 og blir lagt til grunn for det vidare arbeidet. Livet på land er vesentleg for naturopplevingar, friluftslivet og for dei andre berekraftsmåla. Om kulturlivet skal vere berekraftig må ein bygge berekraft frå botn av.	T.O.	Natur er ein del av arbeidet med berekraft. Alle FN sine mål skal med. Berekraftsmåla er sentral for planarbeidet.
	Store samanhengande turområde med urørt, villmarksprege er sentrale for friluftslivet som så mange tar del i. Vi ynskjer at dette skal komme klårt fram.	T.O.	Natur er ein del av arbeidet med berekraft. Blir også tema i regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar
	Som bakgrunn/forklaring for val av plantema er vi redd for at kapittel seks har for lite fokus på breidda i friluftslivet og kva friluftslivet tilfører samfunnet. Vi vonar at friluftslivet og idretten kan få større plass, og bli løfta i den endelege planen.	T.O.	Feltet er eit tema i vidare planarbeid. Blir også tema i regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar
	Vi foreslår å dele plantema inn etter fagområde - friluftsliv, idrett og kultur. Dei fire føreslått punkta kan likevel tene som felles mål eller felles premisser for ulike nye plantema.	I.T.F.	Hensikten med planen er strategisk, overordna retning for feltet, ingen fagplan.
	Vi foreslår som nytt plantema: - sikre berekraftige vilkår for friluftslivet	I.T.F.	Vert omhandla under Plantema - berekraftig kulturliv



Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
			Berekraftsmåla er sentral for planarbeidet.
	Vi ser at norsk kulturindeks og idrettsindeksen er lagt til grunn som kunnskapsgrunnlag. Vi saknar betre kunnskapsgrunnlag for friluftslivets vilkår og vil føreslå Miljøstatus (av Miljødirektoratet) som kjelde, særleg kategoriane friluftsliv, naturområde på land, og kulturminne.	T.F.	Blir tatt med vidare i arbeidet med kunnskapsgrunnlag
	Det er trong for meir handfast kunnskap om viktigheita av urørt natur/store samanhengande naturområde med urørt preg.	T.F.	Regional plan for areal, natur og kulturminneressursar 2024 - 28. Blir tatt med vidare i arbeidet med kunnskapsgrunnlag.
	Vi etterspør at sentrale organisasjonar og fagmiljø innan idrett og friluftsliv i større grad kjem på bana og deltek i utarbeiding av planen. Vi vil føreslå NIF-Hordaland som ein aktuell ressurs.	T.O.	Norges idrettsforbund som ressurs i planarbeidet gjennom plangrupper
	Styringsgruppa og prosjektgruppa, samt deira mandat burde vert presentert i planprogrammet slik at også dette var open for innspel og forankring.	T.O.	Organisering av planarbeidet
	Planen bør løfte kvart satsingsområde/fag, og samtidig bidra til betre samhandling mellom dei ulike aktørane, og til betre vilkår på tvers av fagområda.	T.O.	Samordning
<b>28</b>	<b>Bergen og omland friluftsråd</b>		
	Viktigheita av friluftsliv må komme godt fram i planen. Den eittårige handlingsplanen for 2021 frå fylkeskommunen har fleire tema som er viktig for BOF. Vi saknar ein meir direkte skildring av friluftsliv som plantema i høyringsutkastet til planen.	T.F.	Noko justering av tekst i planprogram. Dette vert tatt vidare i arbeidet med planen. Føreslått plantema går på tvers av fagfelt.
	Det nære, korte friluftslivet er viktig å prioritere, samtidig som ein må ta høgde for auke bruk, slitasje og kanalisering av ferdsel.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Arbeider for å betre spillemiddelordninga innan friluftsliv.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Tar med marin forsøpling som tema, og kombinasjonen av å gjera en innsats for ta vare på natur og naturmangfald - og å samtidig få til gode friluftsopplevingar og gode sosiale møteplassar.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Arbeide for at fleire kommunar blir medlem av et friluftsråd.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	BOF kjenner seg igjen i tidlegare regionale planer, og ønsker å sikre at den nye planen gir best mogleg vilkår for friluftslivet. Betydninga av friluftslivet	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	for befolkninga bør konkretiserast i planen, og ambisjonen for friluftslivet bør løftast frå fylkeskommunen sin side.		
<b>72, 84</b>	<b>Bergen nasjonale opera</b>		
	Bergen Nasjonale Opera ser seg og si rolle som viktig i lys av Vestland Fylkeskommune sine ulike vurderingsområde. Dei skriv konkret om dette knytt til dei ulike hovudtema, noko som vil vere teke med i vidare planprosess.	T.O	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
<b>40</b>	<b>Biletkunstnarane I Sogn og Fjordane, Bildande kunstneres foreining Hordaland og Norske kunsthåndverkere Vest-Norge - Felles innspel</b>		
	Nokre av dei viktigaste satsingsområda for kunstnar er å arbeide for same rettar som andre yrker, støtte til å etablere atelier og arbeidsfellesskap, visningsstader og galleri.	T.O	Økonomi. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Føreslår ein tilsett kunstnar i fylkeskommunen - ein fylkeskunstnar på lik linje som fylkesmusikar.	T.O.	Stillingar. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Det bør vere ein eigen post i kulturbudsjettet til fagpolitiske midlar der ein kan støtte opp under kunstnarorganisasjonane i fylket.	T.O.	Økonomisk støtte. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Støtte til kunstnarstyrte visningsstadar, leige av lokale eller verkstad og tiltak for kunst- og kulturformidling er viktig.	T.O.	Kulturhus, lokalar. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Bergen har støtte opp om kunstnarar og tilrettelagt over mange år. Dette kan skje i resten av fylke. Nå ut til kommunane at det er essensielle å støtte opp under og ta vare på dei profesjonelle kunstnarane busett i kommunen.	T.O	By/land. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Infrastrukturen i distrikta for den profesjonelle kunsten er lite synleg i dag. «I distrikta er det færre kunstnarar, men om ein vil kan ein tiltrekke seg fleire. Det handlar om å legge til rette for at ein kan bu trygt og ha økonomi til å skape.»	T.O.	Distrikta. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
<b>75</b>	<b>Bømlo kommune</b>		
	Plantema som er valde er overordna, og gjer rom for både konkret handling og utforming av felles satsingar innanfor kulturfeltet.	T.O.	
	Det er eit ynskje at idrett og friluftsliv får eige plantema, og blir omtalt i større grad	I.T.F.	Noko justering av tekst i planprogram. Tema vert tatt vidare i arbeidet med planen.
	Viktig å få avklart kva fyrtårn som skal vise veg regionalt, nasjonalt og internasjonalt.	T.O.	Plantema - Vestland som leiande region. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Næring og kultur - korleis løfte regionane?	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Kva er behova og kor ligg utfordringane for å få tilgjengelege kultur og idrettstilbod for alle	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald Tema er tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget og planarbeidet
	Korleis sikrar ein at alle blir høyrte og kan delta der dei ynskjer?	T.O.	Medverknad
	Korleis har korona endra kultur og idrettslivet? Er det noko av dette som har vore positive? Kva kan ein ev spinna vidare på?	T.O.	Korona - Tar med innspel i vidare arbeid med kunnskapsgrunnlag og plan
	For å få best mogleg kunnskap er den direkte dialogen med kvar kommune viktig.	T.O.	Medverknad, kunnskapsgrunnlag Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Brei og direkte medverknad. Dialogmøte og møter med enkeltaktørar er også viktig for denne direkte medverknaden. Bømlo bruker laga aktivt for innspel, innhenting av kunnskap og som medspelarar i prosessar	T.O.	Medverknad. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
<b>65</b>	<b>Den norske kirke - Bjørgvin bispedøme</b>		
	Etterlyser tru- og livssynsfeltet i planen.	T.O.	Plantema, tema vurdert vert tatt vidare i planarbeidet
	Trus- og livssyn står sentralt i kulturen. Det gjeld både innhaldet og aktørane. Mange stader er kyrkjemusikaren ein av få profesjonelle kunstnarar i kommunen.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Forslag til nytt plantema: Kulturell identitet	I.T.F	Tema vert tatt vidare i planarbeidet, men ikkje som eige plantema
	Den norske kyrkja er ein aktiv pådrivar for menneskeverd, klima og rettferd og presentera kyrkjemusikk, kunst og kultur på høgt nivå.	T.O.	Plantema - eit berekraftig kulturliv. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Kystpilegrimsleia aktiverer og engasjera både kyrkje, kulturminnevern, reiseliv, næringsliv, helse, skule, friluftsliv og kultur. Utviklinga av leia er i startgropa og krev målretta engasjement frå alle involverte, både friviljuge og offentlege aktørar.	T.O.	Plantema - Vestland som ein leiande kulturregion. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Eit nytt mellomaldernetttverk er etablert. Eit mangfald av ulike kompetente aktørar; akademia, musea, kulturinstitusjonar, profesjonelle kunstnarar og friviljuge utøvarar skal bidra til dei store feiringane som ligg føre: Vestland fylke - den regionen der kristningsprosessen skaut fart. Kyrkja står sentralt som identitetsmarkør i feiringane.	T.O.	Plantema - Vestland som ein leiande kulturregion. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Kyrkjeleg kulturarv - Den materielle og immaterielle kyrkjelege kulturarven har sterke røter i fylket. Med aktivt vern og framtidretta bruk vil den fortsett kunne vere ei rik inspirasjonskjelde for bygd og by	T.O.	Plantema - Vestland som ein leiande kulturregion. Tar med innspel i vidare arbeid med plan

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Tverrgående tema som er relevant: Samhandling og møteplassar, Folkehelse, Inkludering og integrering, Barn og unges oppvekstvilkår	T.O.	Tverrgående tema. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	I tonane frå fortida vil vi saman fargeleggje framtida	T.O.	Plantittel
<b>89</b>	<b>Det vestnorske teateret</b>		
	Teateret uttrykker støtte til at ein prioritera tiltak som fremjar den offentlege samtala. Frie kunstnarlege institusjonar og utsegnspostar er avgjerande for dette.	T.O.	Tatt vidare i planarbeidet
	Journalistisk og akademisk diskurs rundt kunst- og kulturlivet er viktig.	T.O.	Samfunnsdebatt. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Vektlegg at det vert føreseielege rammer og samordning mellom forvaltningsnivåa. Det er viktig å legge til rette for dialog og gode prosessar for dette.	T.O.	Samordning. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	«Nynorskfylket Vestland handlar vel så mykje om representativitet for innbyggjarane som å ta ei nasjonal rolle som leiande for den nynorske språkkulturen.»	T.O.	Språk - nynorsk. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Kultur for alle, dei ser DKS som viktig for å oppnå dette. Det er viktig å sjå heile økosystemet her, også når det gjeld rekruttering av t.d. utøvarar.	T.O.	Utfordring - rekruttering. Tar med innspel i vidare arbeid med kunnskapsgrunnlag og plan
	Vestland har nokon av Noregs beste profesjonelle kulturinstitusjonar. Det er viktig at desse får ein sjølvstendig plass i kulturplanen. Teateret åtvarar mot tendensar dei siste åra mot at desse skal ta ansvar for også det frie og frivillige feltet. Det vert vanskeleg når dei - ofte med svært stram økonomi - vert pålagt slik oppgåver. Det er viktig at det vert satsa på institusjonane ut frå deira hovudmandat og ambisjonar,	T.O.	Tilhøva mellom det profesjonelle og frivillige feltet. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Vil framheve viktigheita av at dynamikken mellom storby og region vert ivareteken i planarbeidet.	T.F	By/land vert tatt vidare i planarbeidet og perspektiv i planprogrammet er justert.
<b>50, 97</b>	<b>Eldrerådet - Alver Kommune</b>		
	Eldrerådet sluttar seg til rådmannen (i Alver) sitt framlegg til høyringsuttale, og til notat lagt fram i møtet om plantema Deltaking, medborgarskap og mangfald	T.O.	
	Styrke kontakt og band mellom menneskje og vidareutvikle ein kultur der ein hjelper kvarandre.	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap, mangfald. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Vurdere moglegheitene for auka samhandling mellom barn, unge og eldre i tråd med intensjonane i strategien Leve heile livet.	T.O.	Samhandling. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Viktig med fysisk møteplassar	T.O.	Møteplassar. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
<b>9</b>	<b>Fjordabaatane</b>		
	Bergen som Nasjonal veteranbåthavn. De fleste fjordabåtene sluttar seg til etableringa, og trur det vil gjera fjordabåtane langt meir synlege i byen, med dei føremonene det vil ha for marknadsføring og rekruttering.	T.O.	Plantema Vestland som leiande region. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Rekruttering er ei utfordring for fartøyvernet	T.O.	Utfordring - rekruttering. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Regionreforma har så langt ført til færre midlar til fartøyvernet i Vestland. Fartøyvern og kystkultur må løftast til eit heilt anna nivå.	T.O.	Økonomi. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Etablering av ein eigen kystantikvar kan styrke feltet fartøyvern og kystkultur. Vi meiner at fartøyvern og kystkultur er ein så viktig og rik del av Norges kultur og historie, at det burde styrkast og ligge under ein Kystantikvar, som tek ansvar for både fartøyvern, kystkulturen og de 3 skoleskipene.	T.O.	Utfordring - organisering- Innspelet tatt vidare i planarbeidet.
	Fartøyvernet ligg under Riksantikvaren si fartøyvernavdeling. Riksantikvaren ligg under Miljødepartementet, dei 3 skuleskipa sorterer under Kulturdepartementet, medan kystkultur i stor grad sorterer under Fiskeridepartementet.	T.O.	Utfordring - samordning av ansvar. Innspelet tatt vidare i planarbeidet.
<b>34</b>	<b>Fjordane friluftsråd</b>		
	"Eit berekraftig kulturliv" vil avhenge av om det er fysisk mogleg å realisere reise/til frå kulturarrangement/opplevingar etc. på ein måte som ikkje forureinar og forbrukar. Definisjon på berekraftig i denne samanheng må ein difor einast om.	T.O.	Plantema - eit berekraftig kulturliv Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Mediebildet har fokusert på at vi kan øydelegge frivilligheita ved å profesjonalisere ein del av utfordringane som dei frivillige tek tak i. Vår erfaring i denne regionen er det motsette, at det p.g.a. spreitt busetnad og lågt folketal er behov for i samhandling med dei frivillige å tilby tenester som avhjelper dei frivillige i arbeidet sitt.	T.O.	Frivilligstrategi Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
<b>85</b>	<b>Fortidsminneforeninga avd. Sogn og Fjordane</b>		
	Dei valde plantema vil fungere godt.	T.O.	

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Støttar at kulturminne og kulturmiljø er viktige samfunnsressursar som i større grad må nyttast for å utvikle eit variert næringsliv og auka sysselsetting.	T.O.	Plantema - eit berekraftig kulturliv. Innspelet tatt vidare i planarbeidet.
	Stavkyrkjene i fylket bør sjåast som viktige ressursar som ein bør bygge på.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram Plantema eit leiande kulturregion
	Kulturarv og ansvarsfordeling med utgangspunkt i nye problemstillingar som følgje av regionreforma bør synleggjerast	T.O.	Utfordring ansvarsfordeling - Innspelet tatt vidare i planarbeidet.
<b>54</b>	<b>Friluftsrådet Vest</b>		
	Alle fylkeskommunar vil vel være leiande på kultur så det er ikkje spesielt originalt å føre opp det som et hovudtema?	T.O.	
	Vi foreslår en egen post for friluftsliv og en for idrett, og en post for "anlegg for fysisk aktivitet". Dersom friluftsliv får ein egen post vil det utfordre planleggarane til å tenke skikkeleg gjennom kva vi egentleg skal legge inn i dette temaet og kva slags utfordringar friluftslivet står ovanfor i åra som kommer.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Det er ikkje automatisk gitt at friluftslivets utfordringar løysast best ved å legge friluftslivet inn under kulturplanen. Vi ville likt å sjå på kva slags grunnlag man vil hevde at friluftslivets utfordringar best ivaretakast ved å legge temaet inn under kulturplanen. I Rogaland er friluftsliv slått saman med naturforvaltning, noko som etter vår oppfatning er meir naturleg enn å legge friluftsliv inn i kulturplanen.	T.O.	Feltet er eit tema i vidare planarbeid. Avklaringar mellom andre regionale planar. Blir også tema i regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar.
<b>43</b>	<b>Fylkeseldrerådet</b>		
	"Leva heile livet" og "Eit aldersvenleg samfunn" må takast inn som sentrale føringar for planarbeidet.	T.F	Rammer og føringar for planarbeidet. Tatt med vidare i kunnskapsgrunnlag
	FNs bærekraftsmål 11 og 3 må inn under plantema Deltaking, medborgarskap og mangfald.	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald. Innspelet tatt vidare i planarbeidet.
	Elles er rådet oppteken av: <ul style="list-style-type: none"> <li>• universell utforming i vid forstand</li> <li>• at alle kan delta</li> <li>• styrking av den kulturelle spaserstokken</li> <li>• motverke einsemd - korleis delta i kulturlivet</li> <li>• økonomiske føresetnader</li> </ul>	T.O.	Innspelet tatt vidare i planarbeidet. Universell utforming og deltaking

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utestenging frå deltaking p.g.a. ressursmangel</li> <li>• kulturutvikling for ikkje-digitale</li> <li>• kultur i ei «pandemitid»</li> <li>• utvikling av dagsturhytte-konseptet.</li> </ul>		
	Foreslår korte digitale møte der ein tek opp aktuelle problemstillingar for å kunne få avklaringar undervegs i arbeidet.	T.O.	Medverknad. Innspelet tatt vidare i planarbeidet.
	Rådet føreset at før planen går til endeleg godkjenning at dei får den til uttale i så god tid at rådet har faktisk moglegheit til å kunne påverke resultatet.	T.O.	Medverknad - høyring. Innspelet tatt vidare i planarbeidet.
<b>64</b>	<b>Førde internasjonale folkemusikkfestival</b>		
	Fire fine tema.	T.O.	
	Spesifiserer kva ein legg i omgrepet berekraft i plantema "eit berekraftig kulturliv". Berekraft omgrep vert nytta i så mange ulike samanhengar t.d. klima-, miljøhensyn, grønt skilje o.l. Berekraft vert òg nytta innanfor det som vert nemnd i plantema tre, som å t.d. å hjelpe folk attende i arbeid, inkludere og involvere.	T.O.	Klart språk. Justering av definisjonar og omgrep i planprogrammet og vidare i planarbeidet.
	"Vestland som ein leiande kulturregion". Me er opptekne av at: <ul style="list-style-type: none"> <li>- folkemusikken og folkedansen får ei sentral rolle i den nye planen,</li> <li>- at fylkeskommunen satsar på kulturelle kraftsentrum som profilerte/anerkjende festivalar, arrangørar, kulturinstitusjonar og liknande. i heile fylket</li> <li>- at fylkeskommunen legg til rette for nettverksbygging og erfaringsdeling for ulike grupper aktørar.</li> </ul>	T.O.	Plantema-Vestland som leiande region. Innspelet tatt vidare i planarbeidet.
<b>36</b>	<b>Gloppen musikkfest , også på vegne av Hardanger Musikkfest.</b>		
	Kompetanse i distrikta er viktig å ivareta og bruke	T.O.	Kompetanse. Innspelet tatt vidare i planarbeidet.
	Innan alle tema - ønsker at det vert sett på dynamikk/samspel mellom sentrale strøk og distrikt. Bergen må være en motor, ikkje kunn for Bergen.	T.O.	By/land. Tatt vidare i planarbeidet
	«Gjennomgåande - innspel og høyring må være frå HEILE fylket. Kulturplanen gir høve til å skape forbindelsar på tvers av gamle fylkesgrenser.»	T.O.	Medverknad. Innspelet tatt vidare i planarbeidet.
	Meiner at Sogn og Fjordane sitt fokus på festivalstrategi har utfordra og stimulert.	T.O.	Festivalar. Innspelet tatt vidare i planarbeidet og kunnskapsgrunnlaget.
	Ønskjer hjelp til å bygge nettverk - og slik bli betre	T.O.	Nettverk. Innspelet tatt vidare i planarbeidet.

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	«Synleggjere feltet vårt gjennom de planane de legg. Vis at klassisk og samtidsmusikk ER og SKAL være en del av det mangfaldet Vestland har å by på, også i distriktet»	T.O.	By/land. Innspelet tatt vidare i planarbeidet.
	«Sørg for at det finnes «fyrtårn» innen ulike sjangre rundt i HELE fylket.»	T.O.	Plantema - Vestland ein leiande kulturregion. Innspelet tatt vidare i planarbeidet.
<b>68, 86</b>	<b>Hardanger og Voss museum</b>		
	Er positive til at det vert lagt opp til involvering og medverking i planprosessen.	T.O.	Medverknad
	Meiner omgrepa museum, kulturminne og kulturmiljø er brukt upresist i planprogrammet.	T.O.	Klart språk. Justering av definisjonar og omgrep i planprogrammet og vidare i planarbeidet.
	Sluttar seg til NMU sin uttale, der det vert lagd vekt på at Meld. St. 18, Oppleve, skape, dele...og Meld. St.23. Musea i samfunnet..., er viktig grunnlag for planarbeidet. I tillegg Meld. St.9 Menneskers, muligheter og norske interesser i nord.	T.O.	Tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget
	Foreslår språklege endringar i dei 4 plantema: 1. Vestland som ein leiande kulturregion og pådrivar for eit regionalt og desentralisert Noreg. 2. Kultur som premiss for berekraftig samfunnsutvikling. 3. Kultur, deltaking og mangfald som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland. 4. Kulturell verdiskaping for alle.	T.O.	Klart språk Plantema - forslag til namn
	I høve planprogrammet, bør det kome betre fram at miljø som fartøyvern folkemusikk, kulturarv, kulturlandskap og naturarv, er område som er «motor» utover fylkesgrensa.	T.O.	Plantema - Vestland som leiande region. Tatt med vidare i planarbeidet
	Det må fokuserast på musea si evne til å oppfylle berekraftsmål.	T.O.	Plantema - eit berekraftig kulturliv. Tatt med vidare i planarbeidet
	Tidleg i planprosessen må det utgreiast kva finansieringsordningar som må til for å nå måla.	T.O.	Økonomi. Tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget
	Det må utarbeidast eit eige kunnskapsgrunnlag om musea.	T.O.	Vurdert vidare i kunnskapsgrunnlaget.
	Musea samarbeider både lokalt, regionalt, i nasjonalt nettverk, internasjonalt gjennom EU-samarbeidsprosjekt og i klynger samansett tverrsektorielt.		Musea. Tatt vidare i planarbeidet



<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Breidda musea representerer som samfunnsutviklar, kunnskapsinstitusjon og regionale aktør, må ligge til grunn når museum-, kulturarv-, kulturminne-, og kulturmiljøpolitikk skal formast regionalt.	T.O.	Musea. Tatt vidare i planarbeidet
<b>35</b>	<b>Hardingfela.no</b>		
	Folkemusikken er eit økosystem der alt heng i hop med alt; frivillig sektor, kulturskulane og kommunen, utdanningstilbod innan tradisjonsmusikk på høgare nivå, festivalar og musikksener, regionale nodar, det immaterielle kulturminnevernet ved arkiv og museum, handverkstradisjonar og næring. Vestland fylke har potensiale til å verta ein leiande region innan folkemusikk og folkedans.	T.O.	Plantema - Vestland som ein leiande kulturregion Tar med innspel vidare i arbeid med plan og handlingsprogram
	I Vestland fylke kan du til og med ta utdanning innan folkemusikk på universitetsnivå på Ole Bull Akademiet på Voss.	T.O.	Kompetanse. Tatt med vidare i planarbeidet
	Me ynskjer m.a. eit auka fokus på korleis ein kan få meir folkemusikk og folkedans i kulturskulen, også i dei områda der folkemusikken står relativt svakt i dag.	T.O.	Tatt vidare i planarbeidet
	Kartlegging av undervisningssituasjonen og prioritet for dette feltet i kulturskulane i fylket i dag er ein god start, og rådet til hardingfela.no vil kunne bidra her om ynskjeleg.	T.O.	Tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget og planarbeidet
	Eige vedlegg med punkt hardingfela.no ser på som viktige å ha med i det vidare arbeidet	T.O.	Tar med innspel vidare i arbeid med plan og handlingsprogram
<b>41</b>	<b>Hordaland husflidslag</b>		
	Plantema er veldig bra.	T.O.	Plantema
	Kunnskapsgrunnlaget er veldig bra	T.O.	Kunnskapsgrunnlag
	Hordaland husflidslag er uroa for nedlegging/nedprioritering av utdanningstilbod i vidaregåande opplæring som gir kompetanse innan handverk, design, husflid og kulturarv og estetisk fag. I Vestland fylke har fleire tilbod både innan Kunst, design og arkitektur og innan yrkesfaglege vg1-blitt nedlagde. Utan vg1-tilbod «struper» fylkeskommunen rekrutteringa til yrkesfaglege handverksfag. Dette fører til nedbygging av verdfull kompetanse og eit fattigare yrkesmangfald.	T.O.	Tatt vidare i planarbeidet, kompetanse og verdiskaping
	I 2007 underteikna Norge Unesco-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven. Konvensjonen rettar merksemda mot den levande kulturarven både innan tradisjonelt handverk og utøvande kunst. Det er	T.O.	Utfordring - utdanning. Tatt med vidare i planarbeidet

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	fylkeskommunen som har ansvar for å gi ungdommen den kompetansen som trengs for å ivareta dette.		
	Ei sentralisering av fagtilbodet innan design- og handverksfag fører til at ungdom i ulike regionar av fylket står utan tilbod, og på sikt vil distrikta mangla fagkompetanse.	T.O.	By/land og kompetanse i distrikt. Tatt med vidare i planarbeidet
<b>23</b>	<b>Høgskulen på Vestlandet v/institutt for idrett, kosthald og naturfag</b>		
	Uklar omgrepsbruk i planprogrammet gjer deler av planen vanskeleg å forstå og tolke. Dette gjeld særleg det utvida kulturomgrepet. Særleg i kapittel 1 blir uttrykkene brukt om kvarandre. Skildra saman med idrett og friluftsliv verker kultur som noko eget og ikkje i utvida forstand og dei er uklart kva det breie kultur, idrett og frivillighetsfeltet er Her blir anlegg for fysisk aktivitet nemnt, samtidig som vi saknar at naturområde for å drive friluftsliv er nemnt spesifikk.	T.F.	Klart språk. Tydeleggjerast i planprogram .Justering av definisjonar og omgrep.
	Viktig at idrett og frivilligheit blir synleggjort og peika på for å oppnå mål i planen.	T.O.	Dette vert tatt vidare i planarbeidet, teksten vert noko justert i planprogrammet.
	Fysisk aktivitet trenger ikkje å ha noko med idrett å gjera og kunne blitt omtalt meir spesifikt i planprogrammet.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Sjølv om det skal lages ein egen plan for areal, natur og kulturminneressursar i neste planperiode meiner vi at forventningane frå staten blir for lite ivaretatt planprogrammet.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Vi saknar omtale av handlingsplan, <i>Sammen om aktive liv - Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029.</i>	T.O.	Tar med i kunnskapsgrunnlaget
	Mens Bergen er omtalt som "ein motor for heile Vestlandet" kjem kvalitetane som ligger i kultur, idrett og friluftsliv i heile fylket ikkje godt nok fram under plantema 1. Kystfylket, anlegg og arenaer for idrett og friluftsliv og nasjonal kulturarv er nemnt. Det mangfaldige og rike friluftslivet på Vestlandet fortener omtale under dette plantema.	T.O.	Plantema 1 Vestland som leiande kulturregion vert justert tekstleg. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Vi saknar mangfoldsperspektivet i planprogrammet. Planen bør i større grad ivareteke de ulike kvalitetane og potensiale i heile fylket. Per nå er dette ikkje en plan for hele fylket slik som var intensjonen med planarbeidet.	T.O.	Plantema 1 Vestland som leiande kulturregion. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Forsknings- og utviklingsarbeid på kulturfeltet er nemnt som viktig i forminga av framtidig kulturpolitikk. Dette bør framhevast i heile planprogrammet.	T.O.	Plantema 1 Vestland som leiande kulturregion Kunnskapsgrunnlag.

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Institusjonane i regionen er sentrale samarbeidspartner. både når det gjelder kunnskapsgrunnlag og arbeid med de ulike plantema.		Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Det utvida kulturomgrepet er betre ivaretatt i omtale av plantema 2, 3 og 4. Desse også inkludere idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i større grad. Likevel saknar vi at friluftsliv nemnes på side 37 som ein like viktig verdiskapar som kultur, idrett og frivillig.	T.O.	Tatt vidare i planarbeidet
	Bør covid-19 pandemien få en plass i planprogrammet? Pandemien, har ført til fråfall i frivillig idrett både for barn og vaksen. Kulturlivet er også avhengige av eldsjeler i by og land, disse kan være borte når pandemien er over.	T.O.	Tatt vidare i planarbeidet
	Det frivillige kulturlivet blir nemnt fleire steder i planprogrammet, men kva om det betalte kulturlivet? Kan det bli økonomisk lønnsamt å jobbe med kultur? Kan dette også være en verdiskaping? Dette bør omtales både innan kunst, musikk, idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.	T.O.	Tatt vidare i planarbeidet
<b>61</b>	<b>Kirkens bymisjon i Bergen</b>		
	Kirkens Bymisjon i Bergen setter pris på Vestland fylkeskommunes planarbeid og utvikling av feltet innan kultur, idrett og friluftsliv, med ein passende visjon for kulturfeltet.	T.O.	Planprogrammet
	Planprosessen med plandokumentet er tungt å sette seg inn i. Dette kan bidra til å ekskludere en del aktørar og forhindre mange små organisasjonar frå å gi innspel, og kanskje spesielt innvandrorganisasjonar.	T.O.	Klart språk. Tydeleggjerast i planprogram .Justering av definisjonar og omgrep.
	Oppfordring i det vidare planarbeidet til å bruke ein brei definisjon og forståing av kulturfeltet.	T.O.	Omgrepsbruk. Tydeleggjerast i planprogram .
	Frivillig arbeid innanfor alle sektorar bidrar til samfunnsengasjement som også er ein viktig utviklingsfaktor for enkeltmenneske og samfunn. Frivilligheit må styrkast innan alle plantema, og løftast tydeleg frem som et felles aspekt ved planen.	T.O.	Frivillig arbeid. Frivilligstrategi Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Møteplassar der frivilligheit styrkes og tilpassast er viktig for å skape sosial berekraft. Dette aspektet er fråverande, og nødvendig å løfte inn i plantema om «eit berekraftig kulturliv».	T.O.	Møteplassar Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Ønskjer å trekke frem Bergen kommune si forplikning som “menneskerettighetsby”, og løfte konseptet som ein del av kulturregionen Vestland.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Viktig med ein utvida forståing av demografi, t.d. der sosial og økonomisk ulikskap, arbeidslause, alder og sosial deltaking løftast fram.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	De er glade for at integrering og inkludering har fått ein sentral plass i den nye planen. <ul style="list-style-type: none"> <li>- viktig å ha fokus på å rekruttere tilsette med fleirkulturell bakgrunn.</li> <li>- viktig at personar og organisasjonar med innvandrarbakgrunn er representert i alle avgjersler innanfor integreringsfeltet, også i denne planprosessen.</li> <li>- språkpraksis og arbeidstrening er en del av målet om "deltaking, mangfald og inkludering". Personar kan t.d. arbeide ambulerande på fleire deler av arbeidsplassen, dette gir referansar som er viktig i det vidare arbeidet med å søke jobb,</li> <li>- integreringsplanar i alle typar kulturinstitusjonar.</li> <li>- har gode erfaringar med haldningsskapande arbeid i alle ledd av inkluderingsarbeidet, gjerne kombinert med andre tiltak. Tilsette og frivillige med fleirkulturell kompetanse spelar ei sentral rolle.</li> <li>- Veiviser-metodikk er viktig innanfor integreringsfeltet.</li> <li>- suksess innan inkluderingsarbeid er å involvere frivillige og brukarorganisasjonar i innspel, planlegging og gjennomføring av tiltak og initiativ.</li> </ul>	T.O.	Plantema. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Erfaring tilseier at det er viktig med egne sosiale arenaer for gutar og menn som er tilrettelagt deira behov.	T.O.	Vurderer innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Glade for at det viktige arbeidet med antirasisme er del av planen, oppfordrar til å gi dette meir plass	T.O.	Antirasisme
	Det er behov for tilgang til lokalar (eller tilskot slik at man har råd til å leie lokalar).	T.O.	Møteplassar. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	I arbeidet med barn og unge er det nødvendig å skape møtestader frå alle samfunnslag. Det bør inkluderast arenaer med ein type oppsøkande ressurs for at kulturtilbod skal nå alle.	T.O.	Barn og unge. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Livet i Noreg kan vere ein stor overgang, det er viktig med arenaer for å forstå korleis familielivet er organisert i Norge.	T.O.	Inkludering. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Tett oppfølging av ungdom er nødvendig for å sikre at ungdom ikkje faller utanfor skolekvardagen.	T.O.	Barn og ungdom. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Det er stort behov for auke satsing på aktivitetstilbod til ungdom, heile veka.	T.O.	Barn og ungdom. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Gratis låneordningar er med på å sikre deltaking for alle, uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn.	T.O.	Låneordningar. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
<b>70</b>	<b>Kode kunstmuseer og komponisthjem</b>		
	Meiner at val av plantema er gjennomtenkt og relevant. På noko områder blir grensene mellom tema uklare. Vil ikkje for eksempel "deltaking, medborgarskap og mangfald" kunne sjåast på som en form for "kulturell verdiskaping"?	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Meiner at dei fleste problemstillinga tek opp i seg relevante og viktige samfunnsspørsmål. Problemstillinga "skal kunst- og kulturtilbod vere tilgjengeleg for alle i fylket?" står fram meir som et retorisk spørsmål enn som en reell problemstilling.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Meiner at det er positivt å bli involvert i en såpass tidleg fase av prosessen	T.O.	Medverknad
	Meiner at siste avsnitt i punkt 5. side 22 er noko vagt formulert. Det er uklart kva område som trengs meir kunnskap.	T.O.	Kunnskapsgrunnlag klart språk.
<b>15</b>	<b>Kraftmuseet - norsk vasskraft- og industristadmuseum</b>		
	Synes språket i planen er komplisert og ekskluderande. Framlegg til endring av tittelen på plantema 3 til: «Deltaking og mangfald». Ta vekk ordet medborgarskap som ikkje finst i den norske ordboka og kommuniserer dårleg til den store gruppa planen er til for.	T.O.	Klart språk. Tydeleggjerast i planprogram .Justering av definisjonar og omgrep
	Måten ein vender seg til målgruppa kan for mange opplevast som ekskluderande. Det innfløkte og interne språket er gjennomgåande i planprogrammet, for å illustrere; vert det til dømes sagt at eit perspektiv ved berekraft er «å ha ein infrastruktur som er berekraftig, der ein har intakte verdikjeder som sikrar at alle funksjonar og støttefunksjonar for å gjennomføre kulturtiltak i regionen er til stades.»	T.O.	Klart språk. Tydeleggjerast i planprogram .Justering av definisjonar og omgrep
	Kraftmuseet meiner at planprogrammet dannar eit greitt grunnlag for det vidare planarbeidet. Det er lagt vekt på Bergen si viktige rolle..» Ei rekkje kulturaktørar utanom Bergen hevdar seg i ein nasjonal samanheng, og nokre også internasjonalt. Må leggje opp til samhandling meir enn konkurranse.	T.O.	By/land. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Oppmodar om at ein i det vidare planarbeidet legg stor vekt på musea, som viktige institusjonar som skapar eit stort kulturfagleg miljø i mange mindre kommunar.	T.O.	Musea. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Viktige punkt for oss som museum er: - Føreseielege økonomiske rammer, som sikrar langsiktig jobbing - Tilskotsordningar som gjer det mogleg å skaffa finansiering til større løft - Ei tydeleg klargjering av korleis ein sikrar prinsippet om armlengds avstand	T.O.	Økonomi. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
<b>47</b>	<b>Kulturtanken - den kulturelle skolesekken</b>		
	Samanfall i plantema 2 og 3: I <i>Meld. St. 13 (2018-2019) Muligheter for alle - Fordeling og sosial bærekraft</i> peiker ein på at mangfald, deltaking og inkludering er viktige bidrag kulturen har til berekraft. Plantema Deltaking, medborgarskap og mangfald og Eit Berekraftig kulturliv er derfor delvis overlappende, og ein bør sjå dei to i samanheng.	T.O.	Overlappende plantema Plantema - Eit berekraftig kulturliv. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Ein demokratisk og utjamnande barne- og ungdomskulturpolitikk er eit viktig verkemiddel i arbeidet med sosial berekraft.	T.O.	Plantema - Eit berekraftig kulturliv Barn og ungdom. Tema tatt med vidare i planarbeidet
	Styrking av Kulturskolen og DKS vil vere viktige verkemiddel i arbeidet med berekraft, inkludering og mangfald i tråd med <i>Meld. St. 18 (2020-2021) Oppleve, skape, dele - Kunst og kultur for, med og av barn og unge. -</i>	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald. Tema tatt med vidare i planarbeidet
	Kulturskolen som relevant og viktig aktør i det lokale samarbeidet. Styrking av DKS som sentralt verkemiddel i arbeidet med sosial berekraft.	T.O.	Plantema - Eit berekraftig kulturliv. Tema tatt med vidare i planarbeidet
	Berekraftsmål 11 (Berekraftige byer og lokalsamfunn ) i Agenda 2030 er spesielt relevant som felles mål for statleg, regionalt og kommunalt kulturarbeid.	T.O.	Berekraft. Tema tatt med vidare i planarbeidet
	I <i>Meld. St. 13 (2018-2019) Muligheter for alle - Fordeling og sosial bærekraft</i> er styrking av lokal kultur ei nasjonal målsetting. Kulturtanken meiner at arbeidet med planprogrammet utfyller statlege målsettingar. Det kan derfor være rom for å styrke samarbeidet mellom forvaltningsnivåa.	T.O.	Samarbeid staten, fylke, kommune. Samordning - Tema tatt med vidare i planarbeidet
	Kulturtanken legg vekt på at oppvekstvilkåra for barn og unge er eit tverrgående tema i planen, og meiner det er viktig at barn og unge blir tatt med på råd, får medverke og påverke sitt eige lokale kulturtilbod.	T.O.	Medverknad - Barn og unge. Tema tatt med vidare i planarbeidet

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Kulturtanken kan bidra med kunnskapsgrunnlag i dei delane av planarbeidet som omfattar oppvekstvilkår for barn og unge og kunst- og kulturaktivitetar retta mot barn og unge.	T.O.	Fint at kulturtanken kan bidra med kunnskapsgrunnlag om barn og unge.
<b>93, 99</b>	<b>Kvam herad</b>		
	Bergen er viktig som kulturmotor, men Hardanger bør også takast inn som eit viktig kulturregion. Hardanger med sin historie og moglegheiter for framtida, med tanke kunst, kultur, tradisjon, opplevingar, reiseliv og immaterielle kulturarv bør framhevast	T.O.	Plantema - Vestland som leiande kulturregion. Tema tatt med vidare i planarbeidet
	Kulturminneplanen til Kvam herad peikar på viktigheita av å vidareføra tradisjonar, som ein del av vår identitet og kulturarv, og grunnlag for samfunnsutvikling og opplevingar.	T.O.	Tema tatt med vidare i planarbeidet og kunnskapsgrunnlaget
	Satsing på fellesarenaer til konsertar, bibliotek, kino og kulturskule som møteplassar og arena for kvart einskild lokalsamfunn. Dette er tenester og aktivitetar som i fylgje planprogrammet og «Kulturindeksen for Vestland» til Telemarksforsking, scorar relativt lågt på, samanlikna med andre fylke. Planprogrammet bør visa at kommunane og fylkeskommunen ha noko å strekkja seg i mot for å verta endå betre.	T.O.	Møteplassar. Tema tatt med vidare i planarbeidet
	Planprogrammet understrekar viktigheita med regionsenter, og satsing på desse i samband med utviklinga av kulturlivet i Vestland.	T.O.	By/land. Tema tatt med vidare i planarbeidet
	Planprogrammet tek opp i seg integrering og kulturelt mangfald. Skal dette arbeidet styrkast, må dette avspeglast i prosjektorganisasjonen og moglegheitene for medverknad.	T.O.	Medverknad. Tema tatt med vidare i planarbeidet
	Det frivillige lagsarbeidet og kommunane, må vera viktige bidragsytarar i det vidare planarbeidet.	T.O.	Frivilligheit. Frivilligstrategi Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Kvam Ungdomsråd meiner det er viktig å ta med dei fylkeskommunale medverknadsorgana t.d. Vestland ungdomsutval i planprosessen	T.O.	Medverknad. Tatt høgde for i vidare planarbeid.
<b>71</b>	<b>Kystkultur.no!</b>		
	Forslag til tittel for planen: Ut, opp og fram - plan for idrett, kultur og friluftsliv for Vestland	T.O.	Plantittelen

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	At berre eit halvt av fire punkt fokuserer på det geografiske området er i knappaste laget. Skulle gjerne sett at plantemaa sterkare uttrykte kvar, kvifor og korleis ein skal oppnå noko.	T.O.	Plantema. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Dyrking og styrking av området sine særtrekk inklusiv det å skapa ein tydeleg identitet og staut sjølvkjensle.	T.O.	Plantema - Vestland eit leiande kulturregion. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Fint grep at det ikkje berre er fylkeskommunalt, men heile fylket. Vonar det inkluderer det maritime/kystkultur, sidan Vestland er einaste fylket der alle kommunane grensar til sjøen.	T.O.	Planinnhald. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Gode stikkord å ta med seg i det vidare planarbeidet: løfte, forbetre, fremje og utvikle.	T.O.	Omgrepsbruk. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
<b>33, 49</b>	<b>Litteraturhuset i Bergen</b>		
	Litteratur er ikkje eksplisitt nemnt i planprogram, men for eit demokrati er idear og tankar uttrykt i skrift og tale ein grunnleggjande premiss. Slik invitasjonen til planen seier, treng menneska å reflektere og forstå seg sjølve og andre for å få innsikt, erkjenning og livsinnhald. Litteratur og språk må inn som viktige satsingsområde.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Skal Vestland svare på Oslo sin overveldande dominans innan feltet må politikarane i Vestland og Bergen ta kraftig tak. Ambisjonane om å "ta ein sentral plass på den nasjonale og internasjonale scena" må følgjast opp med midlar og politisk handling. Vi treng kvantitet, ikkje berre kvalitet.	T.O.	Plantema - Vestland ein leiande kulturregion Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Det må hentast inn meir informasjon og tal som visar at Bergen forsyner Oslo med ressursar av fagleg art, og at desse ressursane trengs her vest dersom planens målsettingar skal verte nådd.	T.O.	Kunnskapsgrunnlag. Tema tatt med vidare i planarbeidet og kunnskapsgrunnlaget
	Seks punkt Litteraturhuset meiner konkret vil oppfylle Vestland fylke sitt planprogram og målsettingar: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Språkrådet må flyttast til Bergen</li> <li>- Bergen må bli UNESCO litteraturby</li> <li>- Skrivekunstakademiet må styrkast</li> <li>- Bergen internasjonale litteraturfestival må bli løfta fram som den einaste internasjonale festivalen i Norge og få auka støtte</li> <li>- Litteraturhuset i Bergen må sikrast økonomisk</li> <li>- Samarbeidet mellom dei vestlandske institusjonane skal etablerast med ny styrke som bransjenettverk</li> </ul>	T.O.	Plantema- Vestland som leiande kulturregion Tema tatt med vidare i planarbeidet og kunnskapsgrunnlaget



Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Gjennom samarbeid vert det tverrkulturelle styrkt og dialogen oppretta. Slik har eigarskapen til Litteraturhuset blitt delt. Ikkje berre fagleg og akademisk, men også integrering og inkludering. Arrangement på huset i regi av innvandrarakter frå ulike miljø når ut til grupper som kan vere vanskelege å nå.	T.O.	Samarbeid - inkluderingsarbeid. Tema tatt med vidare i planarbeidet og kunnskapsgrunnlaget
	Litteraturhuset i Bergen har skapt arbeidsplassar for eit fagmiljø som slit med å få jobbar gjennom t.d. LitfestBergen og bransjeorganisasjonen Tekstallianse. Men det er ikkje nok, forfattarar og litteraturvitarar flytter framleis til Oslo der dei finn arbeid. Fagmiljøet må styrkast på Vestlandet, med eit visst volum for å gjere litteraturmiljøet beredyktig.	T.O.	Plantema - Kulturell verdiskaping. Tema tatt med vidare i planarbeidet og kunnskapsgrunnlaget
<b>46</b>	<b>Luster kommune - rådet for personar med nedsette funksjonsevne</b>		
	Personar med nedsette funksjonsevne må nemnes særskilt i dokumentet	T.F.	Omgrepsbruk Tverrgående perspektiv i planarbeidet
	Vestland vert leiande innan <ul style="list-style-type: none"> <li>a. profesjonell kunst og kultur</li> <li>b. frivilligaktivitet med kunst og kultur som hovudmål</li> </ul>	T.O.	Plantema - Vestland som leiande kulturregion. Tema tatt med vidare i planarbeidet
	Den kulturelle spaserstokken og den kulturelle skulesekken er positivt. Utvikle mangfald av sjanger og uttrykk - desentralisert	T.O.	Kulturformidling. Tema tatt med vidare i planarbeidet
<b>73</b>	<b>Luster kommune - Luster eldreråd</b>		
	Eldrerådet viser til St.m. 15 - Leve heile livet og reforma - eit aldersvenleg samfunn. Dette er gode premisseleverandørar og gir viktige sentrale føringar for offentleg planarbeid, og må takast med i planprogrammet, under pkt. 2 rammer og føringar i planarbeidet.		Kunnskapsgrunnlag. Tema tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget
	Ha aktiv og heilskapleg tilnærming til utvikling av aldersvenlege buformer og alternative omsorgsløysingar.	I.T.F.	Utfordringar. Tema tatt med vidare i planarbeidet. Meir sentral i andre regionale planar - folkehelse, tettstad
	Tilrettelagt transporttilbod	T.O.	Utfordringar. Tema tatt med vidare i planarbeidet Andre regionale planer Meir sentral i andre regionale planar - folkehelse, transport
	Universell utforming i vid forstand er viktig slik at alle kan delta	T.O.	Universell utforming. Tema tatt med vidare i planarbeidet
	Betre organisering av frivillig innsats.	T.O.	Frivilligheit. Frivilligstrategi Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Tiltak mot einsemd, utvikle generasjonsmøteplassar.	T.O.	Møteplassar. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Pkt. 5.5 Utfordringar for fylket og regionen. Her ynskjer eldrerådet eit pkt. 11. Eldre, trivsel og velvære.	I.T.F.	Utfordringar/kunnskapsgrunnlag er definert i utviklingsplan for Vestland
	Pkt. 5.6 utgreiing for kulturbruk for pensjonistar og eldre.	T.O.	Kunnskapsgrunnlag. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Pensjonistar/eldre er ein viktig ressurs i samfunnet, dei har lang livs- og yrkeserfaring og sit på viktig kompetanse som i større grad bør nyttast i planlegging og samfunnsutvikling. Spesielt er eldreråda ein viktig samfunnsaktør som må trekkast meir med i dette arbeidet. Det er viktig å kunne tilby eit aktiv og godt pensjonisttilvære.	T.O.	Medverknad. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
<b>30</b>	<b>Museumssenteret i Hordaland (MUHO)</b>		
	MUHO peiker på Meld. St. 23 (2020-2021) Musea i Samfunnet. I skissa til Planprogram vert det lagt vekt på berekraft, mangfald, inkludering, deltaking, ytringskultur og kulturell verdiskaping. Fleire av desse tema går igjen i museumsmeldinga og grunnlaget og fokus er samanfallande.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med kunnskapsgrunnlag
	Musea er ikkje særskilt nemnt i utkastet til planprogram.	T.O.	Musea. Museum er ein viktig del av kulturfeltet og er ein del av planen. Den kulturelle grunnmuren er viktig for kommunane og perspektivet vert vidareført i planarbeidet
	Planen speglar i for lita grad kor sentrale og viktige musea er for å bevare, formidle og forske på Vestland si historie og kulturminne.	T.O.	Musea Innspel tatt med vidare i planarbeidet.
	Det lagast ein sjølvstendig plan for museum- og kulturminnevernfeltet.	I.T.F.	Planarbeidet vil avdekke behov for nye planar.
	Det er særskilt viktig for musea at fylket vidarefører ein ambisiøs og tydeleg museumspolitik som skaper retning for drift, utviklingsprosjekt og gode fellesløysingar.	T.O.	Museum er ein viktig del av kulturfeltet og er ein del av planen.
	MUHO kan bidra til at Vestland fylke når sine mål: Fyrtårn for å vise veg regionalt, nasjonalt og internasjonalt: Kulturlandskap, Industriarv, Migrasjon og Bevaring Vestland fylke har mange viktige kulturminne og tematiske felt.	T.O.	Plantema. Innspel tatt med vidare i planarbeidet.
	Ansvarsforholda mellom ulike departement, direktorat og regionane for musea må samordnast.	T.O.	Samordning. Innspel tatt med vidare i planarbeidet.
	Forvaltinga av musea er kompleks. Finansieringa til drift av anlegga kjem frå ulike departement, noko som gjer det sårbart. Musea må sikrast økonomi slik at vi er i stand til å ivareta vårt samfunnsoppdrag	T.O.	Økonomi. Innspel tatt med vidare i planarbeidet.

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Musea kan få fram ny kunnskap om korleis nytta kultursektoren til å inkludere menneske med ulik bakgrunn. Trekk vi inn medborgarskap og deltaking løfter vi feltet og gjer det relevant for eit breitt publikum, utøvarar, kunnskapsprodusentar uavhengig av etnisitet, religion, legning eller funksjonsgrad.	T.O.	Inkludering, forskning. Innspel tatt med vidare i planarbeidet og handlingsprogrammet
	Skeivfordelinga av tilskot mellom musea må adresserast og løysast, slik at organisasjonane kan oppretthalde handlingsrommet.	T.O.	Økonomi, samordning. Innspel tatt med vidare i planarbeidet.
	Det er viktig at ambisjonane i planen heng saman med tilgjengelege ressursar. Politikken må vere i tråd med dei tre nivåa i forvaltninga. Dei må reflektere kvarandre og ikkje trekke i fleire retningar.	T.O.	Realistisk ambisjonar. Innspel tatt med vidare i planarbeidet og særleg handlingsprogrammet
	Fellesløysingar innan samlingsforvaltninga til dei konsoliderte musea. MUHO har eit av dei fremste konserveringsfaglege miljøa i landet, og vil utvikle vårt kompetansemiljø og etablerer eit nytt fellesmagasin.	T.O.	Innspel tatt med vidare i planarbeidet
	Som grunnlag for ei berekraftig utvikling i sektoren må viktige fellesløysingar prioriterast og finansierast.	T.O.	Plantema - Eit berekraftig kulturliv. Innspel tatt med vidare i planarbeidet
	Kultur- og naturarv setjast inn i verdisamanhengar som gir meining for folk, som kjelder til kunnskap eller opplevingar, gode møtestader for lokalsamfunna, og grunnlag for tenesteproduksjon, eller reiselivsupplevingar.	T.O.	Plantema - Kulturelle verdiskaping eller eit berekraftig kulturliv. Innspel tatt med vidare i planarbeidet
	Det er viktig å likestille dei ulike formene for verdiskaping. Det må anerkjennast at i eit velfungerande og framtidretta samfunn er den sosiale, kulturelle og miljømessige verdiskapinga like viktig som den økonomiske.	T.O.	Omgrepsbruk - verdiskaping. Tydeleggjerast i planprogram .Justering av definisjonar og omgrep
	Vi vil understreke at det vil vere ei styrke for planen at den tydelegare formulerer kva former for verdiskaping ein ynskjer og kva ein legg i omgrepet for musea sin del.	T.O.	Omgrepsbruk - verdiskaping. Tydeleggjerast i planprogram .Justering av definisjonar og omgrep
	Vi støtter opp om tanken å utvikle kulturelle kraftsenter som skal kunne inspirere og støtte opp om mindre aktørar i regionen og m.a. bidra til verdiskaping gjennom tenesteproduksjon, opplevingar, læring og økonomisk verdiskaping mellom anna i reiselivssamanheng.	T.O.	Plantema - Kulturelle verdiskaping. Innspel tatt med vidare i planarbeidet
	Musea kan formidle kunnskap om landbrukspolitik og arealendringar og peike på korleis ivareta mattryggleik og biologisk mangfald. Denne kunnskapen må kome dei neste generasjonene til gode og vi spelar inn at det bør opprettast ei praktisk utdanning innanfor forvaltning av kulturlandskapa, og vi bidreg som læringsarena.	T.O.	Plantema - Eit berekraftig kulturliv. Innspel tatt med vidare i planarbeidet

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
<b>56</b>	<b>Museum vest</b>		
	Innspel går konkret på organisering og framdrift av planverket, musea sin vesentlege rolle innan kulturfeltet i Vestland og betydninga av koordinering mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege mål for museumspolitikken. Vi er merksame på at Norges Museumsforbund har sendt innspel til planprogrammet og Museum Vest sluttar seg i det vesentlege til desse.	T.O.	Organisering og samordning. Innspel tatt med vidare i planarbeidet
	Musea har ein vesentleg rolle innan kulturfeltet i Vestland som er noko underkommunisert i planprogrammet.	T.O.	Museum er ein viktig del av kulturfeltet og er ein del av planen.
	Det uheldig at ein på den eine sida under 1.2. eksplisitt støttar seg på Kulturutgreiinga sitt avgrensande og hierarkiske omgrep i «Den kulturelle grunnmuren» som ikkje omfattar musea, medan ein på den andre sida i 1.1. har lagt fram eit breitt føremål for arbeidet og som der er forankra i det utvida kulturomgrepet.	T.O.	Omgrepsavklaring i planprogrammet
	Vi vil nytte høvet til å framheve at musea har ein brei og samansett rolle i samfunnet som møtestadar, arenaer for undring og refleksjon og som kunnskapsinstitusjonar som både forskar fram ny kunnskap, formidlar kunnskap og opplevingar og dokumenterer og forvaltar vesentlege delar av vår materielle og immaterielle kulturarv.	T.O.	Museum er ein viktig del av kulturfeltet og er ein del av planen. Den kulturelle grunnmuren er viktig for kommunane og perspektivet vert vidareført i planarbeidet.
<b>60</b>	<b>Norges husflidslag</b>		
	Det breie kulturfeltet må òg omfatta husflids- og handverkskunnskap og -aktivitetar.	T.F.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Den immaterielle kulturarven gjennom kunnskapsoverføring og opplæring er vesentleg for å bringa kulturarven vidare. Dei stiller seg bak uttalen frå Hordaland Husflidslag angående uroa for nedlagde og sentraliserte utdanningstilbod innan estetiske fag.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	For vere ein leiande kulturregion må ein har ei breidde innan mange ulike kultur- og fagfelt. Alle kan finne eit kulturtilbod som ein kjenner seg «heime» i.	T.O.	Plantema leiande kulturregion. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Styrke innan kulturfelt i Vestland: - Vestland fylke har mange frivillige organisasjonar der medlemmane viser stort engasjement - Det er mange institusjonar t.d. museum, teater, dans, musikk og kunst som allereie i dag har samarbeid på tvers av fagfelta.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	- Det er lagt til rette for eit aktivt kulturliv gjennom gratis tilgang til offentlege lokale og ei rekkje støtteordningar.		
	Husflidslaga har handverkarar, husflidsbutikkar og mange småskalaprodusentar. Gjennom meir kunnskap innan materialkunnskap, arbeidsteknikkar, produksjon kan vi skape nye arbeidsplassar og produkt i marknaden. Vil framheve tettare samarbeid mellom næring og kulturlivet.	T.O.	Plantema - Berekraftig kulturliv og kulturell verdiskaping. Tema tatt vidare i planarbeid og handlingsprogram
	For husflidsrørsla er bruk av naturlege og varige materialar sjølvst, og gjennom satsingsområdet HALDBART er det sett fokus på det motsette av «bruk og kast».	T.O.	Plantema - Berekraftig kulturliv. Tema tatt vidare i planarbeid og handlingsprogram
	Den kulturelle verdiskapinga skjer gjennom å kjenne heile «livsløpet». Utøvarane må ha gode kompetansar innan sine fagfelt, slik at reisa frå råmateriale til ferdig produkt vert eit produkt av god kvalitet. Kulturelle kraftsenter - Economuseum, der ein kan gå inn og sjå på heile prosessen frå råvare til ferdig produkt.	T.O.	Plantema- Den kulturelle verdiskaping. Tema tatt vidare i planarbeid og handlingsprogram
	Vår region har sterke bunadstradisjonar. Norges Husflidslag vert det arbeid med eit Unesco-prosjekt for å gjera BUNADBRUK i Noreg til ein del av den verdsomfattande kulturarven	T.O.	Tema tatt vidare i planarbeid
<b>37</b>	<b>Norges jeger- og fiskerforbund Sogn og Fjordane</b>		
	Friluftsliv gjev personleg oppleving, læring og sosiale relasjonar utan konkurranse noko som er godt for sjølvbilde og oppleving av meistring som igjen gjer gode relasjonar.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	ulike utfordringar: Urbanisering, kontinuitet, mindre kontakt mellom generasjonar	T.O.	Innspel handlar om organisasjonen si eiga drift
	Når vi nå har innført friluftsliv skule i barneskulen og friluftsliv som valfag i ungdomsskulen start en tidleg i oppveksten med inkludering i og av naturmangfaldet. Vi ser at dei kommunar som har gjort tilsvarande grep i skulen har gjort det same med stor suksessfaktor. Eit samarbeid på tvers av fylke og kommunegrensar er viktige faktorar som gjer dette til en suksess.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
<b>45</b>	<b>Norges kulturvernforbund</b>		
	Kulturarven og historie tilhøyrar folk. Alle må ha moglegheit til å bli betre kjent med kulturarven. Dette vil styrke lokalmiljøa med tanke på inkludering, forståing og respekt. Denne kunnskapsbygginga må komme nedanfrå. De lokale laga og frivilligheita må gis en spesiell rolle.	T.O.	Kunnskap om kulturarv. Tema tatt vidare i planarbeid og handlingsprogram

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Viser til St.m. 8 2018-2019, Kulturens kraft - kulturpolitikk for framtida. Det viktigaste kulturpolitiske mål for et fritt og uavhengig kulturliv er å «ta vare på og formidle kulturarv». Dette bør også være et av mål i regionplan for kultur, idrett og friluftsliv.	T.O.	Tatt vidare i kunnskapsgrunnlaget
	Den regionale planen bør adressere både kulturmiljø- og berekraftsmåla. Det bør sjå på samarbeidsformer og tiltak for å få best mogleg effekt. Berekraftsmåla har et eige delmål (11.4) om å “styrke innsatsen for å verne og sikre verdens kultur- og naturarv”.	T.O.	Plantema - Berekraftig kulturliv. Tema tatt vidare i planarbeid og handlingsprogram
	Planen bør understreke rollen til frivillige rundt klimaomstilling og for å skape helsefremmande og inkluderande lokalsamfunn. De frivillige kulturvernlag bidrar til ein bredere forståing av lokalsamfunnets historie og identitet gjennom vern, bevaring og gjenbruk. Det frivillige kulturvernet er på en grøn bevegelse.	T.O.	Frivilligheit. Frivilligstrategi Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Offentleg sektor må samarbeide tettare med frivillig sektor på kulturarvfeltet. Vestland fylkeskommune har et spesielt ansvar for å tilrettelegge for den frivillige aktiviteten og sørge for å gi de frivillige gode rammer og medbestemmelsesrett.	T.O.	Frivilligheit. Frivilligstrategi Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Vestlandet har mange spennande og unik kulturmiljø og historier som kan vidareutviklast innanfor reise- og opplevelsesnæringane.	T.O.	Plantema - Verdiskaping tatt med vidare i planarbeid og handlingsprogram
	Frivilligheita er navet i lokalmiljøet når det kommer til inkludering og integrering. Fylkeskommunen bør anerkjenne denne innsatsen og legge til rette for meir aktivitet som skaper trygge, robuste lokalsamfunn og motvirke utanforskap. Frivillig kulturvernaktivitet bidrar til å skape gode sosiale møteplassar og aktivitetar.	T.O.	Frivilligheit. Frivilligstrategi Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Samarbeid og kunnskapsutveksling på tvers av sektorar, som næringsliv, akademia og sivilsamfunn bør styrkast.	T.O.	Samarbeid og samordning. Tema tatt vidare i planarbeid og handlingsprogram
	Kunnskapsutveksling mellom miljø og aktørane innan kulturarv vil skape større interesse og engasjement for Vestlands kulturarv. Det bør opprettast et «kulturmiljøråd» i Vestland som kan fungere som et bindeledd mellom kommune, fylkeskommune, frivilligheita, musea og andre aktørar. Kulturvernforbundet bidrar gjerne med å få på plass eit slik råd.	T.O.	Opprette kulturmiljøråd. Tema tatt vidare i planarbeid og handlingsprogram
<b>44</b>	<b>Norges museumsforbund</b>		

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Dette vil bli ei viktig plan for medlemsmusea i regionen. Overordna målsetting med planen er å peike ut ein ny retning for kultursektoren i Vestland bredt og utforme politikken for kulturfeltet bredt for perioden.	T.O.	Musea. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Museumsforbundet vil understreke betydninga av dei meldingar som er framlagt etter at plandokumentet vart lagd ut på høyring.	T.O.	Innspel tatt omsyn til i arbeid med kunnskapsgrunnlaget.
	Då finansiering av musea også i framtida vil i hovudsak ha tre nivå, med tilskot frå stat, fylke og kommune, er det viktig at den politikken som vert utforma samsvarer med både kulturmeldinga, museumsmeldinga og andre relevante stortingsmeldingar.	T.O.	Økonomi. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	I tillegg viser målsettinga om Vestland som ein ledande kulturregion, vilje til å satse på kultur framover, med ambisjonar som strekk seg ut over det lokale og regionale. Det er en god ambisjon, som blir spanande å følgje utviklinga av arbeidet som no starar opp.	T.O.	Plantema - Vestland ein leiande kulturregion. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Musea ikkje ofte nemnd i plandokumentet, til samanlikning med bibliotek og kulturvern/kulturminne. Forklaring på det, er kanskje at planen støttar seg tungt på <i>Kulturutredningen 2014</i> og omgrepet «den kulturelle grunnmuren». Slik omgrepet blei definert i utgreinga, var musea ikkje ein del av det. Museumsforbundet meiner dette er eit feil perspektiv, og at omgrepet bør utvidast eller forkastast. Vi meiner musea er like viktige som dei andre felta, omtalt som «den kulturelle grunnmuren».	T.F.	Museum er ein viktig del av kulturfeltet og er ein del av planen. Den kulturelle grunnmuren er viktig for kommunane og perspektivet vert vidareført i planarbeidet.
<b>25</b>	<b>Norsk bibliotekforening, avd. Vestland</b>		
	Bibliotek er viktig i deltaking, medborgarskap og mangfald. Det er viktig med fylket som eit kompetansesenter på regionalt nivå.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Bibliotek kan gi "rom for skapande verksemd, opplevingar og læring, og motivere til kritisk tenking"	T.O.	Leiande kulturregion. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Samarbeid mellom arkiv og bibliotek bør styrkast.	T.O.	Leiande kulturregion. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Ta vare på den nynorske kulturarven som det største nynorskfylket i landet.	T.O.	Leiande kulturregion. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Bibliotek har kunnskap om og vidareformidla kunnskap om berekraft, som ein stad for livslang læring. Delingsøkonomi og å samarbeide mot andre felt, t.d. utstyrssentralar.	T.O.	Berekraftig kulturliv. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Bibliotek drive med aktiv formidling om forvaltning av lokale natur- og kulturminneverdiar.	T.O.	Berekraftig kulturliv. Tema vert tatt vidare i planarbeidet



<i>Dnr</i>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Viktig at ein ny kulturplan vektlegg å oppretthalde og sikre tenester på kommunalt nivå i heile fylket. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fylkeskommunen som ressurs for kommunane sitt arbeid</li> <li>- Meirope bibliotek kan vere eit tiltak</li> <li>- Gode skulebibliotek med god bemanning kan utjamna forskjellar, utvikla digital kompetanse</li> </ul>	T.O.	Deltaking, medborgarskap og mangfald. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Tilskota fylket delar ut årleg er viktig for bibliotekutviklinga i fylket.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Bibliotek skal vere ein uavhengig møteplass, og arena for offentlig debatt og samtale. Bibliotek er nøytrale institusjonar, godt innarbeidde lågterskeltilbod og gode møteplassar for folk på tvers av alder, etnisitet, språk, kultur og religion. Ein treng fagmiljø i både folke- og skulebibliotek som er store og robuste nok til at ein kan få gjort ein skikkeleg innsats på området. Digitale tenester og kompetanse er viktige satsingsområde. Dette kan opprette og gje tilbod til brukarane utanfor det fysiske rommet. Saman med frivilligsentralane er det stort potensiale for bruk av bibliotek som knutepunkt i lokalmiljøet på tvers av tenester og frivilligheita. Lågterskeltilbod som bibliotek er med på å motverke og førebygge sosiale skilnadar og levekårsutfordringar.	T.O.	Deltaking, medborgarskap og mangfald. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Bergen vil vere eit senter i Vestland fylke, og det er viktig å bygge opp under eit ressurssterkt kulturmiljø i Noregs nest største by.	T.O.	Kulturell verdiskaping. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
<b>29</b>	<b>Norsk forening for fartøyvern</b>		
	Kystkultur og fartøyvern må vera eit innsatsområde i kulturminnepolitikken. Fartøyvernet og frivilligheita treng eit økonomisk løft, økonomisk særbehandling og føreseielege økonomiske rammer. Dette kan løysast ved å tildele fleire og fleirårige midlar til fartøyvernet samt utarbeide gode planar for istandsetjing av fartøy.	T.O.	Økonomi. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Fartøyvernet og frivilligheita treng ein god frivilligheitspolitikk. Her foreslår vi <ul style="list-style-type: none"> <li>- auka tilskotsordningar til både fartøyvernprosjekt og fartøy i drift</li> <li>- arbeide for å auke rekruttering t.d. gjennom skular, skulefritidsordning, speidere m.fl.</li> <li>- arbeide for tilrettelagte hamner</li> <li>- sørge for eit godt samarbeid med frivillige innan fartøyvernet.</li> </ul>	T.O.	6.3 Deltaking, medborgarskap og mangfald. Tema vert tatt vidare i planarbeidet



<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Fartøyvernet og frivilligheita treng eit godt samarbeid med fylkeskommunen. Eit mål må vere å opprette fora for samarbeid og faste møtepunkt mellom fartøyvernet og Fylkeskommunen Forening for Fartøyvern bidreg gjerne i samarbeidet.	T.O.	6.1. og 6.3 Deltaking, medborgarskap og mangfald . Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Vern gjennom bruk for å kunne bevare både vår materielle og immaterielle flytende kulturarv. Dette er heilt avgjerande for fartøyvernet og løysast ved å yte driftsmidlar. Tilskot frå Fylkeskommunen kan også utløyse midlar frå andre. Det er først i bruk at det skapes opplevelser og inntrykk. Bruken vernar om, fremjar innsikt i og vidarefører både den materielle og immaterielle kulturarven. Utan bruk forfell også fartøyet, noko som er svært fordyrande. Det er difor viktig at det også kjem inn driftsmidlar slik at bruk sikrast.	T.O.	6.3 Bevaring og formidling. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Fartøyvernet og frivilligheita treng anerkjenning for si verdiskaping. Det er viktig at det offentlige ser frivillig sektor sin eigenverdi og legg til rette for at grunnlaget for frivilligheita vert oppretthalden og styrka. Dette skjer gjennom auka tilskotsordningar til a. fartøyvernprosjekt og b. tilskot til fartøy i drift. Det offentlege bør vurdere å ikkje berre gje store summar til større prosjekt, men i tillegg gje fleire mindre summar til mindre prosjekt.	T.O.	6.4 Kulturell verdiskaping - arrangement/turisme. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Fartøyvernet og frivilligheita treng kompetansebevaring og kunnskapsoverføring. Dette kan sikrast ved å gi stønad til kurs og vaksenopplæring, satse på yrkesfagleg kompetanse i regionen og arbeide for at slippar, båtbyggarar og verkstader med fartøyvernkompetanse består.	T.O.	6.2 og 6.4 Kulturelle kraftsenter . Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Å sikre gratis kai plass og havnefasiliteter er god frivillighetspolitikk. Vi oppfordrer Fylkeskommunen til å arbeide for at havnekontorene gir fritak fra havneavgiften for verneverdige fartøy og ellers legge til rette for frivilligheten i havnene. Den planlagte veteranbåthavnen i Bergen bør realiseres. Fylkeskommunen kan også tilrettelegge for drift ved å senke skatter og avgifter som avkreves fartøyvernet og deres frivillige.	T.O.	6.3 Deltaking, medborgarskap og mangfald , kulturell infrastruktur, kulturell næring Tema vert tatt vidare i planarbeidet
<b>57, 79</b>	<b>Norsk forfattersentrum Vestland</b>		

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	De fire plantema er både aktuelle og viktige, men trenger å bli utdjupa i det vidare arbeidet for at det skal være mogleg å gi tilstrekkeleg tilbakemelding.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Dersom Vestland skal være en ledande kulturregion meiner vi at forfattarens og alle andre kunstnargrupper vilkår bør styrkes.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Det må vere tilrettelagt for at kunstnarar innanfor alle felt kan livnære seg og bu i alle deler av Vestland.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	For å auke aktiviteten og stimulere til kompetanseutveksling, bør det bør stimulerast til samhandlingstiltak og samarbeidsprosjekt mellom kulturinstitusjonar og -aktørar i by og bygd.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	De meiner at alle skolebibliotek må ha sin egen fysiske plass kor møter med mangfaldig litteratur kan finne sted, samt ein skolebibliotekar som formidlar og rettleiar.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	De oppfordrar VLFK til å styrke skolebiblioteka og litteraturformidlingen mot barn og unge.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
<b>95</b>	<b>Norsk kulturskoleråd</b>		
	Framlegg til plantema er løfta i Kulturskolerådet sin Strategi 2032 og i politisk plattform vedtekne på landstinget 2020. Satsingsområde i strategien er mangfald, berekraft, digitalitet og samskaping. Norsk kulturskoleråd Vestland stør framlegg til plantema i høyringa.	T.O.	Tema vert tatt med vidare i planarbeidet
	Meld. St. 18 (2020-2021) Opplive, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge. For første gang i historie har ei norsk regjering lagt fram melding med heilskapleg politikk om kunst og kultur for, av og med barn og unge. Norsk kulturskoleråd Vestland ser det som tenleg at meldinga får stor innverknad på vidare planarbeid.	T.O.	Kunnskapsgrunnlag. Innspel tatt vidare i kunnskapsgrunnlaget.
	Fordjuping/ talentarbeid innan kunstfaga er viktig å løfte. «Regjeringa vil oppmode til at nokon kulturskolar i kvart fylke/region tek eit særskilt ansvar for fordjupingstilbod der det er behov for det...og ønskjer å styrkje rolla kulturskolen har som regional talentaktør. Mål 1 i utviklingsplan for Vestland passar godt til vårt ynskje om gode desentraliserte talenttilbod utanom dei store byane.	T.O.	Tema vert tatt med vidare i planarbeidet
	Fokus på den immaterielle kulturarven, folkemusikk-/dans, stev og utrydningstrua instrument.	T.O.	Tema vert tatt med vidare i planarbeidet
	Utvide distriktsmusikarordninga til Vestland med base i regionar, slik at dei kjem alle kommunar til gode.	T.O.	Tema vert tatt med vidare i planarbeidet

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
69	<b>Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur</b>		
	Innspel til tittel : Skaparkraft og deltaking	T.O.	
	Gode og utfyllande plantema.	T.O.	
	Kultur og idrettsfeltet i Vestland bør slutte seg til Grønt vegkart for kunst og kulturlivet. Bør ha ein overordna strategi for å nå berekraftsmål innanfor: - Transport - Innkjøp - Avfallsreduksjon og kjeldesortering - Energiforbruk Tilrettelegging for kollektive og miljøvennlege transportmoglegheiter til attraktive friluftsområde er noko som og må drøftast.	T.O.	Tema vert tatt med vidare i planarbeidet
	Nynorsk er ein sterk identitetsmarkør i Vestland. Kunst og kultur på nynorsk er viktig for at barn og unge får opplevingar som er nære og identitetsbyggjande. Språk og identitet bør bli ein gjennomgåande premiss i planarbeidet.	T.O.	Plantema 1: Vestland - ein leiande kulturregion. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Arbeidet med kulturarv bør styrkast.	T.O.	Tema vert tatt med vidare i planarbeidet
	Bibliotek, kulturskule og DKS er grunnfjellet i kulturlivet. Desse møteplassane og kunnskapsarenaene blir viktige i planen.	T.O.	Møteplassar. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Museumssektoren i Vestland som ein viktig kunnskapsprodusent og samfunnsaktør for eit berekraftig kulturliv bør løftast i planen.	T.O.	Tema vert tatt med vidare i planarbeidet
	Sluttar seg til ambisjonen om å styrke og vidareutvikle Vestland som ein leiande kulturregion. Føresetnad er at viktige kulturinstitusjonar både i og utanfor Bergen får gode rammevilkår. <ul style="list-style-type: none"> <li>- litteraturfestivalane kan bidra til at Vestland blir ein leiande kulturregion.</li> <li>- visjon om å etablere Vestland som ein dei mest innovative regionane i Europa.</li> <li>- Korleis marknadsføre Vestland som eit attraktivt reisemål med utgangspunkt i kulturelle opplevingar.</li> </ul>	T.O.	Plantema 1: Vestland - ein leiande kulturregion. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Planen må drøfte og legge til rette for at det frie kunstlivet får utvikle seg utanfor institusjonane.	T.O.	Plantema 1: Vestland - ein leiande kulturregion. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Plantema 3 er ein føresetnad og ein berebjelke i innanfor kulturfeltet. Vestland må ha eit levande, rikt og variert kulturliv lokalt i heile fylket. særleg overfor barn- og unge, samt tilbod og møteplassar for alle. Biblioteka og festivalane er viktige møteplassar og kulturarenaer som skapar frivillig verksemd. Korleis oppnå større mangfald og deltaking i	T.O.	Plantema 3: Deltaking, medborgarskap og mangfald Møteplassar. Tema vert tatt vidare i planarbeidet

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	kulturlivet? Skaparmangfald, brukarmangfald, innholdsmangfald, Organisasjonsmangfald og mindretalsmedvit		
	Dei kulturelle «fyrtaarna» må vere fordelt og spreidd over heile Vestland og ta utgangspunkt i kulturhistorie og identitet, gjerne i kombinasjon med natur og unike kjenneteikn.	T.O.	Tema 4: Kulturell verdiskaping. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
<b>77</b>	<b>Nærøyfjorden verdsarvpark, på vegne av alle verdsarvstadane i fylket.</b>		
	Viser til verdsarvlista som UNESCO sin konvensjon for vern av verda sin kultur- og naturarv der det fremste målet til konvensjonen er å identifisere kultur- og naturarv som har ein universell verdi. Norge har 8 innskrivingar på UNESCO si verdsarvliste og tre av desse er representert i Vestland fylke.	T.O.	Tema vert tatt med vidare i planarbeidet
	Viser til St.m. 35(2012-2013) og St.m.19 (2016-2017) som begge er tydelege på at dei norske verdsarvområda skal utviklast som fyrtaarn for den beste praksisen innan natur- og kulturminneforvaltning når det gjeld tilstand, forvaltning og formell beskyttelse.	T.O.	Tema vert tatt med vidare i planarbeidet
	Viser til Kulturmiljømeldinga St.m. 16, 2019-2020 som peikar på Norge sine forpliktingar for å ta vare på verdsarvområda, der kommunar og fylkeskommunane har ei viktig rolle i å oppfylle desse forpliktingane. I denne samanhengen er regional og kommunal planlegging avgjerande for å sikre verdiane som ligg til grunn for at verdsarvområda har fått denne statusen.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Kulturmiljømeldinga trekkjer også fram verdien av natur- og kulturarv som kjelde til samfunnsutvikling og verdiskaping på generelt grunnlag.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Med tre verdsarvområdet Vestland fylke har ein eineståande posisjon og framstår som verdsarvfylket framfor nokon annan. Verdsarven i Vestland representerer noko heilt unikt med omsyn til samansetnad, historisk tidslinje og materielt/immaterielt slektskap.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	I tillegg til bevaring ligg det eit stort og unyttet potensiale til brei verdiskaping i og kring verdsarven.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Framlegg til planprogram ikkje nemner og omtalar i noko særleg grad verdsarven i Vestland eller Vestland fylkeskommune sitt eigarskap eller	T.F.	Vert løfta som del av særtrekk ved regionen

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	tilhøve til verdsarven. Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv er ein av fleire regionale plandokument der dette må bli eit eige tema til utgreiing og handsaming.		
	Tilrår at verdsarvkompetansen vert representert i styringsgruppa for det vidare planarbeidet og at verdsarvkoordinator for Bryggen i Bergen vert medlem av styringsgruppa.	I.T.F	
<b>22</b>	<b>Ole Bull akademiet</b>		
	Plantema for den nye planen er i seg sjølv greie nok, men dei er samstundes runde og vage. Difor bør planen vere desto meir konsis og tydeleg. Elles har den ingen/liten verdi som eit bruksdokument.	T.O	
	Vestland- ein leiande kulturregion: Alle regionane i Noreg tek mål av seg om å vere ein leiande kulturregion. Difor er det viktig at planen fortel korleis ein skal bli ein leiande region i praksis.	T.O	Plantema. Innspel vert tatt vidare i planarbeidet
	Vi ser i høyringsutkastet at det er lite som er skrive om tradisjonskulturen i fylket, sjølv om dette historisk er ein svært viktig identitetsmarkør for fylket. Denne identitetsmarkøren er også viktig også for framtida. Tradisjon og innovasjon treng kvarandre både no og i åra som kjem.	T.O.	Tradisjonskultur/særpreg i fylket. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Kulturplanen bør initiere til mykje tettare samarbeid mellom dei ulike kulturaktørane i regionen, både mellom aktørane sjølve, og mellom aktørane og fylkeskommunen.	T.O.	Samarbeid. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Kystkulturen og bykulturen er nemnde særskild i dokumentet, medan bygde-/bygdebykulturen ikkje er nemnd i det heile. Dette bør også reflekterast i plandokumentet, då turisme, tradisjonskultur, kultur- og opplevingsturismen i indre delar av fylket er, og vil vere ein viktig pillar i utviklinga av kulturen i Vestland fylke i åra som kjem.	T.O.	Fokus på bygde-/bygdebykulturen. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Det er viktig for folkemusikk- og folkedansfeltet at politikken og forvaltninga har klare visjonar og mål, og samstundes er føreseieleg og heilskapleg. Heile feltet ligg i skjæringspunktet mellom formidling, bevaring, oppleving og opplæring. Planar/politikk for kultur-, utdannings- og næringssektoren må sjåast i samanheng	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Bevaring av dei lokale spel- og dansetradisjonane må skje lokalt. Men då er det viktig at det er ein overbyggane politikk som stimulerer og legg til rette for dette arbeidet. Ei satsing på regionale senter/knutepunkt vil styrke heile	T.O	Tema vert tatt vidare i planarbeidet

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	økosystemet. Frivillig verksemd blomstrar kring profesjonelle aktørar som folkemusikksenter, folkemusikkarkiv og festivalar. Desse treng igjen energien frå det frivillige feltet. Vi er heilt avhengig av kvarandre for å få vidareført tradisjonane, rekruttert nye utøvarar og publikum, og få folkemusikken og folkedansen ut til folket.		
<b>66</b>	<b>Opera Nordfjord</b>		
	Eit større, felles fokus på miljøsertifisering vil vere inspirasjon og motivasjon. Kan fylkeskommunen ta initiativ til ei felles satsing innan kulturfeltet	T.O	Plantema - Eit berekraftig kulturliv. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Det frivillige arbeidet i Opera Nordfjord skal vere eit ope tilbod til absolutt alle som ønskjer å bli med i operafellesskapen.	T.O	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Kan vi gjere meir for syns- og høyrsllehemma gjennom betre tilrettelegging i førekant av og under førestilling?	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Kan vi vere meir inviterande mot vaksne framandspråklege, innvandrarborn og -ungdommar, så dei kan bli kjende med vår kultur? Mangfald kan bety så mykje - etnisitet, alder, funksjonshemming, kjønn, talent, interesser - det viktigaste er at alle må kjenne at dei høyrer til ein stad, kjenner seg velkomen som ein er og kan få bruke dei evnene ein har.	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Talentutvikling vil stå i fokus i vårt arbeid, ikkje berre for dei som står på scena.(...) Her ønskjer vi å følgje opp spesielle talent som ønskjer å satse på scenekunstheltet som leveveg.		Talentutvikling. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Gjennom kulturaktivitetar skaper vi gode opplevingar for vårt publikum - det gir ei personleg, «indre» verdiskaping hos den einskilde. Kulturell verdiskaping kan også vere det som vert skapt av materielle verdiar - hos oss kan det vere det vi produserer av kostyme og kulissar - som igjen gir nytt liv ved gjenbruk, enten i egne produksjonar eller ved utleige og utlån til andre.	T.O.	Plantema - kulturell verdiskaping. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Det at kunstnarar lever av kunsten er også kulturell verdiskaping. Gjennom å satse på kultur i alle sine uttrykk, aukar ein talet kunstnarar som spelar, syng, dansar, komponerer eller skriv bøker, som igjen gir auka kulturkonsum.		Plantema - kulturell verdiskaping. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
<b>91</b>	<b>Orkesteret Fossegripen</b>		

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	«Etter vårt syn det er mange gode grunnar til å tydeleggjera fylkeskommunen sitt engasjement for orkestermusikk og -drift i det komande planarbeidet.»	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	«viser til Vestland Musikkråd si høyringsuttale på vegne av musikklivet i Vestland fylke. Utover det vil vi retta merksemda på tilhøve som bidreg til å bringa levande orkestermusikk ut til publikum i regionen. Det er ei samfunnsoppgåve å gjera det mogeleg for publikum å oppleva orkestermusikk i eigen region, å bidra til at orkestertradisjonane vert vidareutvikla i heile fylket, og inspirera born og unge til å delta i utøvande verksemd og verta aktivt publikum.»	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
<b>81</b>	<b>Osterøy kommune - ungdomsråd</b>		
	Bra med fokus på medverknad	T.O.	Medverknad. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	Viktig å tilpasse informasjon til ungdom om kva plan er og kva det betyr for det enkelt kommune. - Klart språk	T.O.	Klart språk
<b>24</b>	<b>Pensjonistforbundet Hordaland</b>		
	Stiller spørsmål ved ordbruken «leiande kulturregion».	T.O.	Omgrepsbruk vurdert i planarbeidet
	Saknar ei definisjon av «frivillig kulturorganisasjon».	T.O.	Omgrepsbruk -Tydeleggjerast i planprogram
	Digitalisering betyr ikkje berre inkludering, men kan også vere ekskluderande.	T.O.	Digitalisering. Tema vert tatt vidare i kunnskapsgrunnlag og utfordringar innfor planarbeidet
	Saknar berekraftsmål 11 (Berekraftige byer og lokalsamfunn: Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige) og berekraftsmål 3 (God helse og livskvalitet: Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder)	T.O.	Berekraftsmål - Justeringar innspel vurdert i vidare planarbeidet
	Er ikkje samde i at temaet vert delt. - Deltaking fører til inkludering som fører til opp i tryggleik som fører til ytring.	T.O.	Innspel vurdert vidare i planarbeidet
	Ønskjer eit eget avsnitt om meningsfull kvardag for dei forskjellige målgruppene.	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald. Innspel vert tatt vidare i planarbeidet
	Saknar eit fokus på eit aldersvenleg samfunn og kva dette betyr for kultur, idrett og friluft?	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald. Innspel vert vurdert vidare i planarbeidet
	Opne og inkluderande arenaer: Ønskjer fokus på aktivitetssentrar som generasjonsovergripande møteplassar.	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald. Tema vert tatt vidare i planarbeidet og handlingsprogrammet

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Definisjonen av plantemaet viser at det er mykje overlapping med plantema 1 og 3.	T.O.	Omgrepsbruk.
	Saknar at dei eldre vert nemnt som ressurs. For eksempel med tanke på å ivareta kulturarven eller som utøvarar, formidlarar, tilretteleggjarar etc.	T.O.	Plantema - Kulturell verdiskaping - Tema med eldre som ressurs vert tatt vidare i planarbeidet
	Folketall etter alder: Statistikken i dokumentet tar berre med personar opptil 79 år. Det er ikkje ei naturleg aldersgrense for deltaking i kulturelle aktivitetar. Pensjonistforbundet ønskjer derfor at statistikken vert endres til å omfatte personer i alle aldre. Ønskjer ei kartlegging av kommunar med avvikande aldersfordeling.	T.O.	Innspel vurdert vidare i arbeid med kunnskapsgrunnlaget
	Kulturindeksen speglar eit snevert kulturomgrep og ikkje det utvida kulturomgrepet. Det må ikkje bli eit mål i seg sjølv å rangere på fylkes- eller kommunalbasis på toppen av indeksen. Kulturindeksen må heller ikkje nyttast som grunnlag for budsjettarbeid eller til å måle resultatet frå gjennomføring av planen.	T.O.	Innspel vurdert vidare i arbeid med kunnskapsgrunnlaget
	Behov for utgreiingar: - Vil gjerne sjå ein utvida kulturindeks som dekkjer heile spekteret til det utvida kulturomgrepet. - Saknar fokus på eit aldersvenleg samfunn. «Inkludering, deltaking mangfoldperspektivet» dekkjer ikkje dette temaet godt nok.	T.O.	Innspel vurdert vidare i arbeid med kunnskapsgrunnlaget
	Saknar ei konkret og tydeleg definisjon av det utvida kulturomgrepet som skal ligge til grunn for planen.	T.O.	Oppbygging av planen. Omgrepsavklaringar. Innspel vurdert vidare i plan
	Tverrgåande tema: Vil be om at tverrgåande tema vert behandla som del av planen når dette er relevant.	T.O.	Oppbygging av planen. Innspel vurdert vidare i arbeid med plan
<b>48</b>	<b>Raftostiftelsen</b>		
	Rafto vil understreke at planen bør ha ein kompleks forståing av kva 'medborgarskap' kan handle om, dilemma knytt til ytringsfridom og kva kritisk demokratisk danning krev.	T.O.	Medborgarskap omgrepsavklaringar - Innspel tatt vidare i arbeid med plan
	Anbefaler at ordet 'medborgar' tas med i tittelen.	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med plan
	Aktivt medborgarskap ligg som eit premiss for både plantema og mål for planen, og vil anbefale fylket en bevisst strategi for å utvikle medborgarskapsatsinga.	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med plan



Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Råder til å sjå nærare på operasjonalisering av «samordne og mobilisere» ulike aktørar (s. 6) i arbeidet med planen.	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogram
	Dette handlar om å konkretisere gjennom god infrastruktur og tilrettelegging av arenaer for samarbeid.	T.O.	Møteplassar og nettverk. Innspel tatt vidare i arbeid med plan
<b>19</b>	<b>Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Vestland</b>		
	RMNF har ikkje merknad til val av plantema, men vil peike på at alle tema må femne det mangfaldet vi har blant innbyggjarane, og vil særleg dei som har ei eller anna form for nedsett funksjonsevne.	T.O.	Plantema
	Menneske med nedsett funksjonsevne må nemnast særleg, sidan det ofte vil vere trong for tilrettelegging av tilbod og deltaking.	T.F.	Dette er gjort i planprogram
	Frivillig arbeid og samarbeid mellom det offentlege og frivillige organisasjonar må få brei plass innanfor plantema.	T.F.	Frivilligstrategi Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	RMNF ynskjer å delta aktivt i den vidare planprosessen og ber om ei orientering.	T.O.	Medverknad
<b>17</b>	<b>Skrivekunstakademiet i Hordaland</b>		
	«Som utdanningsinstitusjon innanfor skapande skiving er det lett å gje si tilslutning til desse visjonane.»	T.O.	
	Bergen bør søke om å verte anerkjend som UNESCO litteraturby. Dette er viktig som ei anerkjening av den kreative verksemda sin påverknad på det urbane livet, eller på den skapande og samfunnsbyggjande krafta til kulturen, som det heiter i visjonen for planprogrammet. Det er òg viktig at det offentlege gjer sitt for å legge til rette for ein bruk av byen som ikkje er utelukkande kommersielt fundert.	T.O.	Tema vert tatt vidare i planarbeidet
<b>82</b>	<b>Sogn og Fjordane mållag</b>		
	<b>Karmsund mållag</b>		
<b>88</b>	<b>Hordaland Mållag</b>		
	Føreslår ei omformulering av siste delsetning i tekst om nynorsk på s. 31 til: «Vestland fylkeskommune skal fremje nynorsk og vere ein leiande pådrivar nasjonalt for å betre vilkåra for nynorsk.»	T.O.	Omgrepsbruk. Tema vert tatt vidare i planarbeidet

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Ein regional kulturpolitikk som byggjer nasjonal språkpolitikk. Språkpolitikk generelt og nynorsk spesielt er i liten grad nemnde i planprogrammet.	T.O.	Språkpolitikk. Tema vert tatt vidare i planarbeidet
	I underkapittelet 2.4. Nasjonale mål for kultur, idrett og frivilligheit syner planprogrammet til Kulturens kraft, StM 8 (2018-2019), men ikkje til det som står om nynorsk i denne.	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med kunnskapsgrunnlaget
	Viser til ny St.m. om språkpolitikk våren 2021 og kapittel om Språkdimensjonen i kulturpolitikken og mediepolitikken.	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med plan
	Språklova gir fylkeskommunane eit tydelegare språkansvar, og heile det offentlege får eit ansvar for å «bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk».	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med plan
	FNs berekraftsmål er direkte knytt til arbeidet for å ta vare på nynorsk og dialektane i området vårt: «Styrkje innsatsen for å verne om og sikre kultur- og naturarven i verda». Konkrete mål og tiltak knytt til dialekt og nynorsk vil vere med på å ta vare på denne delen av den immaterielle kulturarven i fylket, slik at me kan gje han vidare til seinare generasjonar.	T.O.	Nynorsk . Innspel tatt vidare i arbeid med plan
	Det er behov for ei utgreiing om kva Vestland fylkeskommune kan bidra med i språkpolitikken generelt og for nynorsk spesielt. T.d. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sogn og Fjordane peika på korleis fylket kunne bruka marknadsmakta</li> <li>• korleis Vestland og andre fylke kan gjere nynorskelevane språkleg trygge i den vidaregåande opplæringa</li> </ul>	T.O.	Språkpolitikk. Tema vert tatt vidare i planarbeidet og arbeidet med kunnskapsgrunnlaget
	Nynorskbrukarane treng ein medviten Vestland fylkeskommune, som tek det ansvaret som følgjer med. Dette inneber både å utvikle og å stø nye, gode tiltak, òg å passe på at nynorsken vert hugsa og teken var på i nasjonale ordningar og organ. I tillegg har fylket ein eigen styrke som ein av dei største fylkeskommunane, samt eit etablert nettverk i Nynorskfylket Vestland. Vestland kan vera for nynorsk det Katalonia er for katalansk.	T.F.	Plantema - Eit leiande kulturregion. Tema tatt vidare i arbeid med plan
	Nynorsken har mange utfordringar. I alt frå arbeidet for digitale læremiddel på nynorsk til meir nynorsk i Den kulturelle skulesekken, kan Vestland spela ei rolle.	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med plan
<b>67</b>	<b>Sogn og Fjordane symfoniorkester</b>		
	«Sogn og Fjordane symfoniorkester er et orkester for både profesjonelle musikaner og amatørmusikaner. Det er et prosjektorkester og har medlemmar frå heile den nordlige delen av fylket. Distriktsmusikaner har ei viktig rolle i orkesteret som både profesjonelle musikaner, dei bidreg med	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogrammet

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	rekruttering av nye medlemmar og held liv i kulturlivet i distriktet. I planen Kultur for alle er Sofork ei viktig satsing for fylkeskommunen. Dette vil vi jobbe for at blir videreført.»		
<b>80</b>	<b>Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL)</b>		
	Dei ser det som positivt at det er brei medverknad i planarbeidet. Det er positivt med referansegruppe for frivillig sektor og få eit betre kunnskapsgrunnlag om frivillig sektor i Vestland.		Medverknad.
	Vestland fylke har 800- 900 organisasjonseigde kulturhus. Mange er særprega kulturbygg med høge arkitektoniske kvalitetar og er viktig dokumentasjon om demokratiseringsprosessar og rørsler. Dei ønskjer at ei kunnskapsinnhentinga skal sjå nærare på dette	T.O.	Kunnskapsgrunnlag. Innspel tatt vidare i arbeid med kunnskapsgrunnlaget
	Desse ungdomshusa er viktige arenaer for frivillig kulturarbeid og utøving av dans, teater, bunadsarbeid, og anna kulturarbeid. Husa er og ofte midtpunkt i lokalsamfunn og fungerer som motvekt til sentralisering.	T.O.	Plantema - Deltaking medborgarskap og mangfald. Innspel tatt vidare i arbeid med plan og kunnskapsgrunnlaget
	Det vert lagt ned mykje frivillige arbeid for å ivareta og utvikle den fysiske og immaterielle kulturarven. Dei meiner at frivillig kulturarbeid og immateriell kultur bør få utvida merksemd i planprogrammet. Det skjer mykje frivillig kulturarbeid i skjeringspunktet mellom kulturformidling og kulturminnearbeid	T.O.	Frivilligstrategi og kulturarv Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Nynorsk er viktig for identitet og felles tilhøyrslse. Vestland fylke er et et kjerneområde for nynorsk. Planframlegget bør i større grad diskutere nynorsken sin posisjon og utfordringar enn det som kjem fram i utkastet.	T.F.	Språk - nynorsk tatt inn i plan
	Eit viktig grep for å sikre at planen får legitimitet, bade politisk og blant innbyggjarane er at arbeidsgruppene inneheld eit tversnitt av folkesetnaden og representantar frå alle deler av fylket	T.O.	Medverknad. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
<b>74</b>	<b>Sogndal kulturråd</b>		
	Plantema: fire sentrale plantema som fungerer godt.	T.O.	
	Det er viktig at planframlegget er tydeleg på at fylkeskommunen vil vidareføre arbeidet med brukarstyrte råd og det er god kommunikasjon mellom kultursektoren og fylkeskommunen i heile fylket.	T.O.	Samordning. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Kunne med fordel ha vore tydelegare på ulike aldersgrupper i samfunnet. M. a er ikkje barn og ungdom nemnd direkte i nokon av dei fire plantemaa.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Kunnskapsgrunnlaget: meiner det er behov for gjennomgang av eksisterande kunnskapsgrunnlag og avdekking av behov for kvar det eventuelt er naudsynt med ny kunnskap	T.O.	Arbeid med kunnskapsgrunnlag skje kontinuerleg i planprosessen
<b>38</b>	<b>Sogndal mållag</b>		
	De stør val av plantema.	T.O.	
	De meiner er problemstillingane som blir presenterte er gode og interessante.	T.O.	
	Sogndal mållag meiner at den språklege situasjonen i fylket burde inngå i kunnskapsgrunnlaget.	T.F.	Språkpolitikk. Tatt inn i planprogrammet. Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Vestland er det største og viktigaste nynorskfylket i Noreg. Ein regional plan for kultur må reflektere dette.	T.F.	Nynorsk er tatt inn i plan
	Sogndal mållag meiner at kulturplanen må gje tydeleg uttrykk for korleis Vestland fylkeskommune skal arbeide for å styrkje nynorsken i perioden planen gjeld for.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Vestland må vera eit trygt nynorskfylke, og i korleis institusjonane våre legg til rette for å ta i bruk språket i alle samanhengar - slik som skule, barnehage, integrering og digitalisering.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Stortinget har vedteke ein ny språklov som og gjeld for fylkeskommunen. Det er naturleg at oppfyllinga av måla i språklova blir drøfta i ny Regional plan for kultur.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Viktige kulturpolitiske saksfelt i planen - Nynorsken i skulen. - Nynorsk litteratur i barnehagen. - Vaksenopplæring på nynorsk. - Tiltak for (nye) tilsette.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og andre aktuelle regional planar.
<b>8</b>	<b>Stad kommune</b>		
	Kystpilegrimsleia med Bergen og Selje regionale kystpilegrimssenter og trase må forankrast i plan. Koordinering av samarbeid mellom deltakande kommunar trepartsavtale mellom fylke, kommune og pilegrimssenter - reiseliv	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan
	Pilegrimsleden - en reise som berører - veien fram mot 2037 1. betre den kyrkjeleg forankring, fornye pilegrimstradisjonen og vera open og inkluderande	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	<p>2. Auke bruken av pilegrimsleden som grunnlag for berekraftig næringsutvikling</p> <p>3. Utvikle pilegrimsleden skånsamt for å ivareta natur, kultur og miljø</p> <p>4. Styrke som norsk, nordisk og europeisk kulturarv St. Olavsvegen</p>		
<b>94</b>	<b>Statsforvaltaren i Vestland v/avdeling kommunal, seksjon plan</b>		
	Statsforvaltaren saknar at friluftsliv og fysisk aktivitet er meir synlege tema i planprogrammet. Dersom denne planen er meint å erstatte tidlegare planar som omhandlar m.a. friluftsliv og fysisk aktivitet, vil det ligge ei forventning om at også desse tema vert innarbeidde i planen.	T.F.	Tekst justert.
	Det er uklart kvifor ein plan som også har idrett og friluftsliv i tittelen er avgrensa til kulturfeltet, og korleis fysisk aktivitet og friluftsliv i så fall skal ivaretakast i det regionale plansystemet vidare. Sjølv om friluftsliv og fysisk aktivitet kan definerast inn under det breie kulturfeltet, saknar vi ein meir sentral plass for slike tema i planprogrammet.	T.O.	Tema vert tatt med vidare i planarbeidet
	I Utviklingsplanen er det også sagt at det skal satsast på blågrøne kvalitetar og god tilgang til nærfriluftsliv og fysisk aktivitet, og at koronakrisa har ytterlegare understreka kor viktig det er med lokale nærfriluftsområde. Vi er samde i at friluftsliv og fysisk aktivitet er viktigare enn nokon gong for folkehelsa.	T.O.	Teksten i planprogrammet justert. Tar med innspel i vidare arbeid med plan.
	Forslag til kunnskapsgrunnlag og til Handlingsplanen for friluftsliv frå 2018: «Handlingsplan for friluftsliv. Natur som kjelde til helse og livskvalitet»	T.O.	Tatt med vidare i kunnskapsgrunnlaget
	I utviklingsplan er folkehelse, integrering og inkludering peikt på som tema som skal løftast opp som eit gjennomgåande perspektiv i all regional planlegging.	T.O.	Tema tatt vidare i planarbeidet
	Deltaking, medborgarskap og mangfald er plantema. Vi minner om at fysisk aktivitet og friluftsliv på same måten som kulturliv, også kan bidra til tilknytning og inkludering i lokalsamfunnet	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogrammet
<b>52</b>	<b>Stord kommune</b>		
	Kunnskapssenter for kulturmiljø og bygningsvern, eit kompetanse nettverk for regionen, er under utgreiing/utvikling blant dei 8 kommunar i Sunnhordland.	T.O.	Kulturmiljø, nettverk, regionen. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogrammet
	Positivt å opna for endå sterkare band mellom regionsentera i fylket.	T.O.	Nettverk. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogrammet

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Det er positivt at den kulturfaglege kompetansen og dei kulturelle kraftsentera som allereie er etablerte i fylket skal dokumenterast	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med Kunnskapsgrunnlaget
	Det er ei styrke at ein sikrar ei god geografisk spreing i arbeidsgruppene.	T.O.	Medverknad. Tema tatt vidare i planarbeidet
	Stord og Sunnhordland ønskjer seg ei særleg rolle som kulturelt kunnskapssenter for nynorsk barne- og ungdomsformidling. Her ligg det allereie gode etablerte samarbeid med ambisjonar om å samle og styrkja den eksisterande fagkompetansen i regionen.	T.F	Løfte fram satsing under Nynorsk
<b>39</b>	<b>Studentkulturhuset i Bergen</b>		
	«Vi foreslår at studentkulturen innarbeides i planen. Dette er for mange deres første møte med organisert kultur. Gjennom ulike organisasjoner, slik som Det Akademiske Kvarter, kan studenter og unge oppleve og delta i kulturen over lav terskel.»	T.O.	Plantema - deltaking, medborgarskap og mangfald. Tema tatt vidare i planarbeidet
	«At store deler av kulturbransjen, og særlig studentkulturen, er tuftet på frivillighet kan være en problemstilling. Vi foreslår at det fokuseres på hvordan man kan sikre et bærekraftig kulturliv som ikke sliter ut vår viktigste ressurs - menneskene.»	T:O	Frivilligstrategi Tema tatt vidare i planarbeidet og handlingsprogrammet
	«Studentkulturen er en viktig del av kulturlivet i Vestland, og bør være med i det videre planarbeidet. Studentorganisasjoner har mye kunnskap og engasjement fra unge ildsjeler som kan komme resten av fylket til gode.»	T.O	Medverknad Tema vurdert vidare i planarbeidet
<b>87</b>	<b>Sunnfjord kommune</b>		
	Planen vil vere viktig for kommunane sitt arbeid med eigne planar innanfor dette området.	T.O.	Samarbeid. Tema tatt vidare i planarbeidet
	Planprogrammet er eit grundig dokument som gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med sjølve planen.	T.O.	
	Plantema ligg på eit overordna nivå, og er relevante som grunnlag for utarbeiding av planen. Det vil vere viktig med tydeleggjering av innhald og deltema innanfor kvart plantema, med konkrete mål og tiltak for kvar del, slik at den vert eit reelt verktøy for vidare arbeid innan sektoren.	T.O.	
	Infrastruktur for kulturlivet: Gode formidlings-, møte-, øve- og produksjonsarenaer er svært viktige for å utvikle Vestland vidare som ein leiande kulturregion med høg aktivitet og kvalitet for utøvarar og publikum.	T.O.	Arenautvikling. Tema tatt vidare i planarbeidet og handlingsprogrammet
	Fylket bør utvikle ein anleggspolitikk for kulturarenaer slik ein har på idrettsfeltet, og styrke finansieringsordninga for arenaene	T.O.	Arenautvikling. Tema tatt vidare i planarbeidet og handlingsprogrammet

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Utgreie kva rolle fylkeskommunen kan ha i høve tenester som i utgangspunktet er eit kommunalt ansvar	T.O	Samarbeid og samordning Tema tatt vidare i planarbeidet
	På biblioteksektoren tar fylkeskommunen ei tydeleg og positiv rolle som samarbeidspart og utviklingsaktør. Slik er det ikkje på t.d. kulturskule. Planen kan gjerne drøfte om fylkeskommunen kan og/eller bør ta ei rolle som samarbeidspart og utviklingsaktør også på dette feltet, t.d. når det gjeld utviklingstiltak innan kulturskulefeltet som går ut over dei ein skilde kommunegrensene.	T.O.	Samarbeid/nettverk. Tema tatt vidare i planarbeidet
	I St.m 18 (2020-2021) «Opplive, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge», vert mellom anna peika på at nokre kulturskular i kvart fylke bør få ei særskild rolle for talentutvikling, med nedslagsfelt utover eigne kommunegrensar. Kan fylkeskommunen vere ein samarbeidspart og utviklingsaktør for å få dette til?	T.O.	Talentutvikling fylkeskommune si rolle. Tema tatt vidare i planarbeidet
	På kulturminnefeltet er det relevant å drøfte ansvaret kommunane har opp mot moglegheitene for med finansiering frå fylkeskommunalt og statleg hald til større løft på vedlikehald og rehabilitering av kulturminna kommunane har ansvar for.	T.O.	Økonomi kulturarv. Tema tatt vidare i planarbeidet
	Inkludering og deltaking er eit viktig område. Fylkeskommunen og kommunane bør samarbeide om å utvikle gode modeller for å auke deltaking og medverknad på tvers av sosiale, økonomiske og kulturelle barrierar.	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald Tema tatt vidare i planarbeidet
	Barn og unge i utkantane i geografisk store kommunar som Sunnfjord, peikar på at manglande kollektivtransporttilbod er eit hinder for deltaking i kultur- og idrettstilbod som skjer i kommunesentera og bør sjåast i samanheng med kultur- og idrettsfeltet.	T.O.	Utfordringar barrierar for deltaking Tema tatt vidare i planarbeidet
	Kulturfeltet er eit ressurs inn mot andre tenesteområde, kanskje særleg skule, barnehage, helse og omsorgssektorane. Planlegging på tvers av sektorane og samskaping bør vere eit naturleg tema å drøfte i planen	T.F	Kultur og planlegging kompetanse. Tema tatt vidare i planarbeidet
<b>16</b>	<b>Tysnes kommune</b>		
	Planprogrammet er gjennomarbeidd og har ei fornuftig tilnærming	T.O.	Planprogram
	Ei utfordring for små kommunar er at det er vanskeleg å rekruttere instruktør og lærer og tilbyr mangfald og breidde i kulturtilbodet til innbyggjarane, spesielt til barn og unge. Dette bør leggast særskild vekt på i arbeidet med den nye planen.	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald. Utfordring barn og unge. Tema tatt vidare i planarbeidet og kunnskapsgrunnlaget

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
<b>51</b>	<b>Universitetet i Bergen, Fakultet for kunst, musikk og design</b>		
	Plantema er relevante og godt avstemt mot FN sine berekraftsmål. Kulturen er i vid forstand noko instrumentell i skildringane og blir reiskap for store og viktige tema/mål. Dette på tross av at det blir peika på at kulturen ikkje har eit eige «bein» i berekraftomgrepet. Det er viktig at ein i den vidare prosessen ser på kulturens eigenverdi og at planen gir rom for strategiar og tiltak der kultur i vid forstand kan utviklast på eigne premiss - fri og uavhengig.	T.O.	Plantema - Kulturelle verdiskaping - kulturens eigenverdi. Tema tatt vidare i planarbeidet
	Innafor det einskilde plantema ønskjer ein å sjå på tomrom og utfordringar. I denne samanheng vil ei undersøking av det profesjonelle kunst- og kulturfeltet vere eit naudsynt grunnlag i det vidare arbeidet.	T.O.	Tema tatt vidare i arbeid med kunnskapsgrunnlaget og plan
	Skildringane under kvart plantema er noko usystematisk og tilfeldig med omsyn til de ulike delane av kunst- og kulturfeltet. Det er viktig at bredda vert tatt i vare når kjem til utforming av mål og tiltak.	T.O.	Teksten i planprogrammet er justert
	Stiller spørsmål ved at FN's bererekraftmålet 4 - God utdanning ikkje er tatt inn i alle plantema.	T.O.	FN's berekraftsmål 4 God utdanning bør også vere del av plantema eit berekraftig kulturliv Tema tatt vidare i planarbeidet
	Stiller spørsmål ved at det vert understreka at kulturlivet har eit ansvar for å vere aktuell og relevant for meir enn ei lita gruppe, då kulturlivet angår og engasjerer mange innbyggjarar i Vestland. Det er viktig å finne ein balanse mellom breidd og spiss når det gjeld det vidare arbeidet.	T.O.	Plantema. Tema tatt vidare i planarbeidet
	Det er viktig at både det profesjonelle og det frivillige kulturlivet vert involvert i det vidare planarbeidet.	T.F.	Medverknad. Tatt omsyn til i det vidare i planarbeidet
	Ei undersøking av det profesjonelle kunst og kulturfeltet i Vestland vil vere eit naudsynt delgrunnlag for planarbeidet.	T.O.	Kunnskapsgrunnlag. Tema tatt vidare i arbeid med kunnskapsgrunnlaget og plan
<b>53</b>	<b>Vestland idrettskrets</b>		
	Når møteplassen faller bort, blir vi påminnet om hva idretten betyr i et samfunnsperspektiv. Idrett bidrar til folkehelse i et bredt perspektiv - både fysisk og psykisk.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Det er positivt at en vil bruke benevnelsen «kultur, idrett og friluftsliv» om den ferdige planen. Mange vil kjenne seg igjen i denne benevnelsen og den vil favne bredt.	T.O.	Tema vert tatt med vidare i planarbeidet



<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Vi ser det som både ønskelig og naturleg at vi fra idrettskretsen sin side blir trukket inn i det vidare planarbeidet.		Vil gjerne vere med i arbeidet
	viktig at idrett og frivillighet i det vidare arbeidet med plantemaene blir synleggjort på en god måte og pekt på for å oppnå mål i planen.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Eit berekraftig kulturliv: 1. Sikre at kultur, idrett og friluftsliv er relevant for alle deler av samfunnet og ulike grupper av mennesker. 2. Bærekraftig anleggsutvikling	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Deltaking, medborgerskap og mangfold: 1. Kjernen i Den norske idrettsmodellen handler om idrett og fysisk aktivitet for alle, og faller naturleg inn her.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	- Det er en stor verdiskapning i idretten og det frivillige organisasjonslivet i Vestland. Bare i idretten i fylket estimeres verdien av den frivillige innsatsen til 2 milliarder kroner årlig. - «Forholdet mellom organisert aktivitet, egenorganisert aktivitet og kommersielle interesser er endret. Dette må det tas hensyn til i all planlegging.» Dette er svært interessante problemstillinger som vi gjerne bidrar i en vidare diskusjon rundt.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
<b>62</b>	<b>Vestland innvanderråd</b>		
	Innvanderråd/frivillige organisasjonar på inkluderingsfeltet bør bli inkludert så tidleg som mogleg i prosessane med å utvikle nye kulturtilbod/tiltak innanfor idrett og offentlege planer.	T.O.	Medverknad. Tatt omsyn til i det vidare planarbeidet
	Sentralt at det ikkje framover er parallelle løp innanfor kulturplanar og idrettstilbod, med eigne planar for innvandrarbefolkninga og andre planar for majoritetsbefolkninga.	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med plan
	De ønskjer at innvandrarbefolkninga styrkes i forhold til medborgarskap og samfunnsdeltaking på lik linje med majoritetsbefolkninga.	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med plan
	Planer på kommunalt og fylkesnivå må utviklast ut frå grupper som gjenspeiler samansetninga i befolkninga.	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med plan
	Det bør satsast på å innvilge tilskotsmidlar over fleire år (som utbetalast f.eks. årleg) for sikre forutsigbarheit og kontinuitet i tiltaka som iverksette.	T.O.	Eit berekraftig kulturliv. Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogrammet

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Rapportar på tilskotsordningar må forenklast slik at ressursar ikkje blir hengt opp i administrativt arbeid, men kan brukas på sjølve tiltaka.	T.O.	Eit berekraftig kulturliv. . Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogrammet
	Forslag om midlar til å tilsette frivilligheitskoordinatorar i kommune/fylket/organisasjonar som blir tilset for å administrere det frivillige arbeidet.	T.O.	Eit berekraftig kulturliv. . Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogrammet
	Sentral utfordring for planarbeidet til fylkeskommunen, - korleis vi saman kan sikra å gje gode tilbod til alle innbyggaren i Vestland, og ikkje berre de som bor i og rundt byer/større stader.	T.O.	Deltaking, medborgarskap og mangfald. . Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogrammet
	Planen bør ha eit sterkt fokus på vere eit heilskapleg fylke der alle har moglegheit til å bruke idretten, kulturtilboda og friluftslivet uavhengig av bakgrunn.	T.O.	Deltaking, medborgarskap og mangfald. . Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogrammet
	De ønskjer at planen setter fokus på at det kulturelle og språklege mangfaldet som finnes i Vestland skal nyttas og forvaltast på ein heilskapleg og profesjonell måte, og at dette mangfaldet blir ein del av den totale verdiskapningen i fylket.	T.O.	Kulturell verdiskaping. . Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogrammet
<b>26</b>	<b>Vestland KrF</b>		
	Ingen merknad til plantema	T.O.	Plantema
	Legge til rette for eit livssynsøpe samfunn. Det har vore ein trend at mykje skal vere "livssyns-nøytralt", men det ofte resulterer i å utelukka det som går på tru. Vi oppmode om at planen har formuleringar som framhevar samfunnet som livssynsøpe, og bygger på respekt for at menneskje også har åndelege behov, og at dei har kulturell verdi og betydninga.	T.O.	Livsøpe samfunn - Innspel tatt vidare i arbeid med plan
<b>32</b>	<b>Vestland musikkråd</b>		
	Organiseringa av planprogrammet i fire overordna hovudtema, som harmonerer med fylkeskommunens utviklingsplan, er hensiktsmessig.	T.O.	Plantema
	Planprogrammet bør være meir eksplisitt rundt det offentlege ansvar for å samordne, motivere og inspirere kulturlivets innsats for et meir mangfaldig og inkluderande organisasjonsliv, og breiare representasjon og deltaking på kulturfeltet. Samtidig må	T.F	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald - Større ansvar for bred deltaking
	Det bør uttrykke en klar forventning om at feltet sjølv tar tak i utfordringane innan deltaking, mangfald, demokrati og berekraft. Dette ansvaret bør forankrast i planprogrammet for å sikre høy prioritering.	T.O.	Plantema - Deltaking, medborgarskap og mangfald - Større ansvar for bred deltaking

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Det er avgjerande for musikkfrivilligheten, at det er ein klar og veldefinert kulturpolitikk både regionalt og lokalt. Planprogrammet må slå fast en forventning om at alle forvaltningsnivå, og sivilsamfunnet må bidra for å realisere de mål som definerast i den endelege planen. For å lykkes med dette er det helt nødvendig at alle kommunar i Vestland har en tydeleg definert kulturpolitikk som legger til rette for vekst og utvikling på kulturfeltet.	T.O.	En tydeleg kulturpolitikk over hele Vestland. Samordning. . Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogrammet
	Utfordringane med ueigna kulturlokalar, særleg for det frivillige musikklivet, må løftast fram. Det er nødvendig å involvere frivilligheita i offentlege byggeprosessar, og tar omsyn til de behov organisasjonslivet har. (...)Planprogrammet må legge til grunn involverande kulturbygg prosesser, og definere omgrepet kulturbygg vidt: «Et hvert rom som brukes til kulturaktivitet er et kulturbygg».	T.O.	Anleggsutvikling. . Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogrammet
	Vestland fylkeskommune har et stort ansvar for å ivareta vår folkemusikk og folkedans. Dette er en viktig del av vår felles kulturarv og identitet. Det er behov for både bevaring og vidareutvikling. Fylkeskommunens si overordna ansvar for feltet bør løftes i planprogrammet.	T.F.	Plantema - ein leiande kulturregion. Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogrammet
<b>42</b>	<b>Visit Bergen</b>		
	Utvikle en felles arrangementsstrategi for Vestland Fylke med kopling til nasjonal strategi i samarbeid med destinasjonsselskap, idrett, kultur og næringsliv.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Plassere arrangement som et verkemiddel under kvart plantema.	T.O.	Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
	Arrangement som katalysator for utvikling av idrett og kultur, næringsutvikling, destinasjonsutvikling og verdiskaping	T.O.	Plantema - kulturelle verdiskaping, reiseliv. Tar med innspel i vidare arbeid med plan og handlingsprogram
<b>27</b>	<b>Voksenopplæringsforbundet Vestland</b>		
	Forslag til tittel for plan: Vestland, bedre blir det ikke	T.O.	Plantittel
	Aktivitetar innan kultur, idrett og friluftsliv må gjerast tilgjengeleg for alle.	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogrammet
	Offentlege, universelt uforma, lokale må stilles til disposisjon for frivilligheita vederlagsfritt året rundt.	T.O.	Utfordring - gratis og tilpasse lokalar for frivillig. . Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogrammet

<b>Dnr</b>	<b>Innspel</b>	<b>Tilråding</b>	<b>Tilråding til/Vurdering</b>
	Deltaking i aktivitetar må vere tilrettelagt og gjerast uavhengig av kjønn, legning og etnisitet.	T.O.	Inkluderande. . Innspel tatt vidare i arbeid med plan og handlingsprogrammet
	De vil understreke at mangel på tilgjengelege offentlege lokalar er til hinder for aktivitet og mangfald.	T.O.	Utfordring - mangel på lokalar
	De meiner det er riktig og viktig at FN's berekraftsmål er tatt inn som rettesnor for arbeidet med planen.	T.O.	Plantema - berekraftig kulturliv Berekraftsmåla er sentral for planarbeidet.
	Det er viktig at planen tar opp i seg de regionale forskjellane og særtrekka i fylket.	T.O.	Særpreg. . Tema tatt vidare i arbeid med plan
	Glade for at ein nyttar omgrepet medborgarskap.	T.O.	Omgrepsbruk - medborgarskap. Innspel tatt vidare i arbeid med plan.
	Framtidsretta å ta med omgrepet digital deltaking.	T.O.	Digitale deltaking. Tema tatt vidare i arbeid med plan
	Alle innbyggjarane i fylket må få tilbod til å delta på aktivitetar innan planfeltet.	T.O.	Plantema -Deltaking, medborgarskap og mangfald. Tema tatt vidare i arbeid med plan
	Det er viktig med aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar.	T.O.	Plantema - Berekraftig kulturliv. Tema tatt vidare i arbeid med plan
	Kultur, friluftsliv og idrett er viktige arenaer for kvardagsintegrering og fellesskap basert på mangfald, likestilling, ytringsfriheit og toleranse.	T.O.	Kvardagsintegrering. Tema tatt vidare i arbeid med plan
	Det må skapast møteplassar der organisasjonar og forvaltning saman arbeider til beste for idrett, kultur og friluftsliv.	T.O.	Møteplassar.. Tema tatt vidare i arbeid med plan
	Medverking er viktig når nye offentlege bygg skal byggast.	T.O.	Medverknad. Tema tatt vidare i arbeid med plan
<b>18</b>	<b>Voss herad</b>		
	Når plandokumentet skal på høyring treng kommunen tid til å handsama innspela i dei kommunale politiske organa. Slik at dette arbeidet blir godt forankra politisk i kommunane.	T.O.	Treng tid til høyring. Tatt til høgde for framover.
	Planprogrammet legg grunnlaget for ein viktig og utviklande plan	T.O.	Planprogram
	Dei siste åra har dei antidemokratiske kreftene fått større og større fotfeste. Vi må ikkje ser vårt eige demokrati som sjølvsgt. Vi må ha eit kontinuerleg fokus på demokratiet sine føresetnadar	T.O.	Demokrati. Tema tatt vidare i arbeid med plan
	Dei gamle fylkeskommunane har vore kulturfylke med kvar sine styrkar og satsingsområde. Ein bør trekke fram og vidareutvikla dei styrka i begge fylka har.	T.F.	Plantema - Vestland som leiande region Trekker fram særpreg for Vestland.

Dnr	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Vestland fylkeskommune har stort sett løfta fram plantema som vil kunne svare på måla i utviklingsplanen, og som vil kunne dekke dei områda som er viktig å arbeide vidare med.	T.O.	Plantema. Tema tatt vidare i arbeid med plan
	Vestland fylke anerkjenner Bergen som storby og motor for mykje av utviklinga på Vestlandet, men samtidig er dette eit fylke med sterke og sjølvbevisst regionsenter, distriktskommunar, bygder og grender. Plantema ikkje på ein tydeleg nok måte tek opp i seg dette perspektivet.	T.F.	By/land problematikken løftast fram
	Utgreiinga om demokratiutfordringane for distrikta (NOU 2020:15) konkluderer med at den største utfordringa for distrikta ikkje er fråflytting, men aldning.	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med Kunnskapsgrunnlag
	Det er eit mål å oppretthalde befolkninga i distrikta. Kultur er med på å skapa attraktive stader.	T.O.	Tema tatt vidare i arbeid med plan . Kultur si rolle i attraktive stadar - samfunnsbyggande
	Telemarksforsking (Rapport 430, 2018) finner ikkje ein klar kopling mellom auka innbyggjartal og kultursatsing, men det er ein klare samheng mellom kultursatsing og kompetansenivået. Kultursatsing er viktig for å sikra arbeidskraft, utvikling og attraktivitet	T.O.	Innspel tatt vidare i arbeid med kunnskapsgrunnlag
	Utfordringane til distrikta bør vere hovudmål anten i eit eige plantema, eller som del av eit av dei eksisterande plantema. Dette vil også knyte kulturplanen tettare til utviklingsplanen sitt mål nr 3, om lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv	T.F.	Plantema - Vestland som leiande region By/land problematikken løftast fram
	Plantema 1 - Vestland som leiande region ikkje har nokon klar grensegang til plantema 4 - Kulturelle verdiskaping	T.O.	Plantema Klargjera innhald i tema
	Kultur- og fritidsfeltet er viktige leverandørar for gode opplevingar og for å gjere det attraktivt å reise i eige land	T.O.	Reiseliv. Tema tatt vidare i arbeid med plan
	Koronapandemien har gjeve oss ein smakebit på eit reisemønster som kan bli normalen om me skal nå klimamåla. Det er viktig å kunne tilby innbyggjarar og reisande sterke opplevingar for å kunne vere eit konkurransedyktig reisemål	T.O.	Reiseliv. Tema tatt vidare i arbeid med plan
	Å kunne tilby sterke opplevingar føreset politisk vilje til å satsa på kulturfeltet, og at kulturfeltet sjølv er lydhøyr for publikum og arbeider i ein vekselverknad mellom publikumsutvikling og utvikling av kulturtilbod.	T.O.	Politisk vilje til å satse på kultur
	Perspektivet med sosiale berekrafta er godt teke i vare i plantema om inkludering og mangfald.	T.O.	Berekraftig kulturliv. Tema tatt vidare i arbeid med plan

<i>Dnr</i>	Innspel	Tilråding	Tilråding til/Vurdering
	Vestland bør ha særleg ansvar for ivaretaking og utvikling av hardingfela og hardingfeletradisjonen.	T.F.	Plantema - Vestland som leiande region. . Tema tatt vidare i arbeid med plan
	På side 34 stå det «Kva må til for at vi kan utnytte innvandrarane sine moglegheiter til å bidra i samfunnet. Dette er ein uheldig formulering.	T.F.	Klart språk. Endre formuleringar
	Kulturbygg er ikkje definert i planprogrammet. Viktig at ein ikkje definerer kulturbygg smalt som kunstnarlege arenaer, men at det inkludere det breie kulturfeltet og femner også museum og bibliotek.	T.O.	Omgrepsbruk - kulturbygg.

